



Budsjett 2022

Økonomiplan med handlingsdel 2022-2025



Seljord – det gode vertskap

Innhold

Forord.....	3
1 Organisering	5
2 Innleiing	7
3 Befolkningsutvikling	9
4 Hovudtalla i budsjettforslaget.....	12
5 Kommentarer til budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025	17
6 Investeringar.....	23
7 Programområde 1 – sentraladministrasjon og fellesutgifter/inntekter	25
8 Programområde 2- skule og oppvekst	28
9 Programområde 3 – helse og omsorg	35
10 Programområde 4 – samfunnsutvikling og drift	45
11 Vedlegg.....	53

Forord

Arbeidet med budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025 starta opp i sommar, og det er lagt ned mykje arbeid i organisasjonen fram mot rådmannens endelege budsjettforslag som her ligg føre. Kommunalsjefane har gjennomført prosessar i eigne tenesteområde, og det har vore tema i utvida leiarmøte og i møte med dei tillitsvalde.

Den store utfordringa for Seljord kommune er å sikre at vi beheld handlefridom inn i framtida. Årsrekneskapet for 2020 og tertialrapporteringar i 2021 viser med all tydelegheit at driftsnivået er for høgt, og ikkje innafor kommunens eigne økonomiske handlingsregler. Netto driftsresultat har over fleire år vore for svakt, samtidig som driftsreservane våre er marginale.

Seljord kommune står midt oppi ei stor endring av demografien. Vi blir fleire eldre og færre unge, noko som betyr at utgiftsbehovet innafor dei enkelte aldersgruppene endrar seg. Så langt har desse endringane i liten grad endra på kommunens prioriteringar; vi har over tid prioritert som om demografien ikkje er i endring. Vi vil få ei auke i kostnadane til den eldre delen av befolkninga i og med at dei blir fleire i åra som kjem. For å møte dette trengs det ei omprioritering mellom tenesteområda i det komande planperioden.

Tidleg og tverrfagleg innsats er sentralt både innafor helse og omsorg og skule og oppvekst. Seljord kommune er på veg mot å organisere og utvikle helse- og omsorgstenesta i retning av meir førebygging og tidlig innsats, og ein meir aktiv bruker- og pårønderolle. Viktige mål er at innbygarane skal ha innflytelse over eigen livssituasjon og at dei som vil skal få bu i eigen heim så lenge som råd er. Førebygging og rehabilitering skal prege alle kommunens helse- og omsorgstenester. Barnehagar og skular er óg viktige arenaer for tidleg innsats; målet er å kome inn så tidleg som råd er med tiltak der det er behov.

Det planlagde ambisjonsnivået i økonomiplanperioden er høgt. Samfunnsplanen er kommunens øvste strategiske dokument. I den har kommunestyret gitt retning for korleis samfunnet skal utvikle seg og dermed kva for ei retning kommunen som organisasjon må ta i sitt arbeid. Handlingsplanen ligg som eit vedlegg i dette dokumentet. I 2022 skal denne rullerast for eni ny periode. Rådmannen vil signalisere allereie no at omfanget av tiltak frå samfunnsdelen bør takast ned, dette for å få til meir målretta bruk av dei tilgjengelege ressursane. For organisasjonen Seljord kommune samla sett, er det i gang omstillingsprosessar i alle tenesteområde. Dette er ressurskrevjande arbeid som det er særskild viktig at vi klarar å gjennomføre for å skape naudsynt handlingsrom komande år. Utan dette handlingsrommet, vil mange andre oppgåver bli utfordrande å gjennomføre. Omstillingsarbeidet må derfor framleis ha langsiktig prioritet. Dette er viktig å ta med i vurderinga når ambisjonsnivået for planane skal drøftast og fastsettast.

Rådmannen foreslår å innføre alminneleg eigedomsskatt frå og med 2022. Kommunens øvrige inntekter blir høgare enn det som ligg i dagens økonomiplan. Sjølv med auke i inntektene, klarer rådmannen kun å levere eit budsjett og ein økonomiplan med eit lite netto driftsresultat i økonomiplanperioden. Ei eventuell auke i inntekter bør i sin heilskap inn på kommunens disposisjonsfond. Rådmannen viser til kommunens økonomiske handlingsreglar, som skal vere retningsgivande for ei sunn og berekraftig økonomisk drift over tid. Her har vi gått i feil retning dei siste åra.

Det er lagt opp til få nye tiltak i budsjettforslaget. Hovudgrepet ut over i planpeioden er å styrke helse og omsorg, og slanke skule og oppvekst. Samtidig skal disposisjonsfondet fyllast opp.

Seljord kommune har over mange år vore framoverlent, og det er lagt til rette for næringsliv og bu-lyst. Gjennom blant anna satsingar på nye industriområde har kommunen bidrege og tilrettelagt slik at næringslivet sjølv kan skape nye arbeidsplasser. Gode kulturtilbod, ei aktiv og variert frivillig sektor og eit variert og tilgjengeleg bustadmarkand er viktig. Seljord kommune skal framleis bidra til å sikre likeverdige fritidstilbod for ungdom, utvikle og styrke bibliotektenesta og kulturskulen, og leggje til rette for kvardagsaktivitetar, integrering og frisklivsarbeid.

I rådmannens forslag til investeringsbudsjett er det ikkje mange nye tiltak. Fleire vedtekne investeringsprosjekt er forseinka og/eller ikkje starta opp og vil bli vidareført til ny økonomiplanperiode. Det er ikkje endeleg avklart kva som skal gjerast ved Flatdal oppvekstsenter, men rådmannen foreslår å setje av kr 34 mill. (ekskl. mva.) til Flatdal skule. Det einaste heilt nye investeringstiltaket er innkjøp av 2 hardbruksbustadar i 2022. Det er foreslått avsett kr 1,5 mill. til dette, noko som skal dekke alt arbeid knytt til desse. Rådmannen vil også peike på det store etterslepet på vedlikehald som vi har drege med oss over år, og som berre blir større og større.

Seljord kommune har også i 2021 vore sterkt påverka av den pågåande koronapandemien. Dette har ført til fleire ekstraordinære utgifter, samtidig som mykje helsepersonell har vore omdisponert til pandemirelaterte oppgåver. Korleis pandemien vil påverke oss i 2022 er vanskelig å føresjå på noverande tidspunkt, men det er mykje som tyder på at vi meir og meir vil bevege oss mot ei normalisering av samfunnet. Rådmannen legg til grunn at eventuelle koronarelaterte utgifter også i 2022 vil bli kompensert.



Rikke Raknes
Rådmann

1 Organisering

Politisk struktur

Seljord kommune styres etter formannskapsmodellen. Dette er hovudmodell i kommuneloven og innebærer at formannskapet blir vald av kommunestyret etter partienes forholdsvis representasjon.



Beate Marie Dahl Eide (SP) er kommunens ordfører.

Kommunestyret har 17 representantar og er kommunens øvste politiske organ. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følger av lov eller delegeringsvedtak.

Formannskapet har 7 representantar. Formannskapet avgjer innstilling i dei saker som skal behandlast i kommunestyret, og fattar vedtak i dei saker kor kommunestyret har delegert avgjørelsesmyndigheiten til formannskapet. Formannskapet er også politiråd.


I kommunens administrasjonsutval er det 7 representantar. 5 av dei er politiske og valt frå formannskapet, dei siste to er representantar frå dei tilsette. Dei to største organisasjonane har ei representant kvar.

Seljord kommune har to hovudutval: samfunnsutvalet og velferdsutvalet. Velferdsutvalet har også 3 underliggende råd; ungdomsråd, råd for eldre og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

I tillegg har kommunen et kontrollutval, med eit eiga sekretariat frå VETAKS (Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat).

Administrativ struktur

Seljord kommune er administrativt organisert i ei såkalla tonivåmodell bestående av rådmannsnivået og einingsnivået.




Rådmannen er kommunens øvste administrative leier. Rådmannen leier arbeidet med å forberede saker for folkevalte organ, og er ansvarlig for at disse er forsvarlig utreda. Rådmannen har vidare ansvar for å gjennomføre og iverksetje politiske vedtak. Rådmannens leiargruppe består av 3 kommunalsjefar og organisasjons- og personalsjef. Frå og med januar 2022 forsvinn stillinga som organisasjons- og personalsjef.

Kommunalsjefane har rådmannens fullmakt innan sine ansvarsområde.

Einingsleiarne er ansvarleg for å leie sine respektive einingar, innan ramma av dei fullmakter som er delegert frå kommunalleder. Dette inneber at einingsleiarne har den myndighet som er nødvendig for å sikre tenesteområdets drift; både når det gjelder personell, økonomi og fag.

Avdelingane leies av avdelingsleiarar, også disse plassert i nivå 2 i modellen.

2 Innleiing



Dette dokumentet kalla "Gul bok" er satt saman av forslag til budsjett for 2022 og økonomiplan fram til 2025 med vedlegg, og handlingsprogrammet for 2022-2025. Kommunestyret skal vedta budsjett og økonomiplan 16. desember 2021.

Handlingsprogrammet tek utgangspunkt i kommuneplanen sine målsettingar og den økonomiske politikken legg føringar for kva som kan realiserast innafor 4 års perioden. Denne er heimla i Plan- og bygningslova. Handlingsdel til samfunnsdelen vert omtala som "konklusjonen på korleis kommuneplanen skal fylgjast opp". I planen skal det vera fokus på utfordringar og tilrådde planar som skal utarbeidast, samt prosjekt og einskildsaker, dei neste 4 åra.

Budsjett og økonomiplan byggjer på det som i budsjettverktøyet Arena vert kalla *konsekvensjustert budsjett*. Konsekvensjustert budsjett vert sett opp på bakgrunn av justert budsjett frå året før (2021), med lønsjustering og prisvekst. Det betyr at det er lagt inn tal for reelle driftskostnader og løn til dei årsverka som avdelingane disponerer. Hovudpoenget med konsekvensjustert budsjett er å budsjetterte kva det vil koste å drive kommunen det komande året slik som tenestetilbodet er i dag med dei inntektene ein kan vente å få i 2022. I tillegg består konsekvensjustert budsjett av vidareføring av politiske vedtak, og konsekvensar av andre interne justeringar som er gjort.

Utfordringar og behov for nye tiltak er omtalt i kommentardelen til kvart programområde. I tillegg ligg det vedlegg per programområde som visar alle innmelde tiltak, og korleis dei er prioritert.

I det store og heile er rådmannen budsjettframlegg for 2022 justert for ny inntektsramme jf. statsbudsjettet, politiske vedtak, og «uavvendelege» konsekvensar for drifta.

Hovudutfordringane framover har ikkje endra seg stort frå førre år. Som rådmannen skriv i sitt føreord, er det kanskje største utfordringa å ta ned drifta slik at det er samsvar mellom drift, inntekter og oppfylgning av eigne handlingsreglar. Utfordringane kan kort oppsummerast slik:

- Dreie budsjettet slik at vi klarer å handtere dei demografiske endringane som har kome og kjem.
- Tiltak og behov som ikkje blir dekt
- Høge kommunale avgifter og auka gebyrsatsar kombinert med innføring av eigedomsskatt.
- Stort vedlikehaldsetterslep på kommunal veg, eigedom og anna infrastruktur.
- Behov for store investeringar på skulebygg og sjukeheim/omsorgsbustader.
- Behov for store vedlikehalds- og investeringar innafor vatn og avløp.
- Usikkerheit kring mottak av flyktningar - små forhold.

Eigedomsskatt og sal av konsesjonskraft

Seljord kommune har i dag eigedomsskatt på kraftverk og noko næring som inngår i same definisjonen som lovkravet for kraftverk. Dette har vi hatt i fleire ti-år. Inntektene for eigedomsskatt gir

omlag 7,7 mill. kr. Legg ein til sal av konsesjonskraft gjev dette kommunen omlag 13,5 mill. kr totalt årlege inntekter.

Rådmannen legg til grunn at innføring av alminneleg eigedomsskatt, jf. eigedomsskattelova § 3. a) frå og med budsjettåret 2022. Prognosane vi har lagt til grunn for innføring av eigedomsskatt er følgjande:

	2022	2023	2024	2025
Sum	Kr 5 500 000	Kr 8 500 000	Kr 10 000 000	Kr 10 000 000

Inntektene frå eigedomsskatten er eit overslag. Kva takstane blir er ikkje klart før i februar 2022 (utskrivingsfristen er innan 1. mars i skatteåret). I 2022 er det sett av kr 100.000 til klagehandsaming (rund sum).

3 Befolkningsutvikling




Folketallet i Seljord kommune har vore relativt stabilt over mange år, men frå 2015 har det vore en jamn nedgang. Frå 1.1.2015 og til 1.1.2021 sank folketalet med 102 personer, noko som tilsvarar ein nedgang på 3,4 %. Hadde det ikkje vore for innvandring hadde nedgangen vore endå større.

Ifølgje SSB hadde Seljord kommune eit innbyggjartal i 2. kvartal 2021 på 2905 innbyggjarar. I skrivande stund er folketalet 2893, men var tidlegare i haust nede i 2880.

Innvandrarar utgjer nesten 9 % av befolkninga, og det er flest innvandrarar med bakgrunn frå Polen, Syria og Tyskland. Seljord kommune har dei siste åra både hatt fødselsunderskot og netto innanlands utflytting.


Vi får rammetilskudd i 2022 basert på folketalet 1. juli året før.

I økonomiplanen er det lagt til grunn eit folketal på 2900 gjennom heile planperioden. Innanfor dette stabile folketalet, er det lagt til grunn færre unge og fleire eldre, men eit stabilt tal på 0-1åringar på 42.




Befolkningspyramiden viser at vi har relativt få innbyggjarar i aldersgruppa 20 til 34 år. Barnegruppa 0 til 4 år er og lita. Når dette ses i samanheng med at det er stadig færre familiar som får meir enn 2 barn, og at innbyggjarane våre blir foreldre seinare enn før, så ser vi kvifor fødselsoverskotet faller.

Når det gjeld vidare utvikling, forventar SSB ein nedgang i befolkningstal i Seljord kommune. Deira anslag er i 2030 på 2864, og 2851 i 2050.



I 2019 hadde Seljord 1 439 arbeidsplasser. 68 % av disse var i privat sektor, mens 32 % var i offentlig sektor. Helse- og sosialtenester er den sektoren med flest arbeidsplasser (21 %), etterfølgt av varehandel, og bygg- og anleggstenester. 4 % av arbeidsplassane er innan jord- og skogbruk.



I 2020 var det 529 personer som pendla frå Seljord til jobb i ei anna kommune. På den andre sida var det 492 som pendla inn til jobb i kommunen. Det er eit viktig mål å få fleire til å busette seg i kommunen heller enn å pendle inn.

Innan industrien dominerer trevare- og møbelindustri, næringsmiddel- og verkstadindustri. Seljord har også fleire offentlige einingar som sysselsetter mange, til dømes Sjukehuset i Telemark med DPS.

Bedrifta med størst omsetning og mange tilsette i Seljord er Alf Johansen AS, som driver med grunnarbeid som utlasting, massehandtering og graving/planering, hovudsakleg for entreprenørar i Oslo og Akershus. En annan stor aktør med høy omsetning og mange tilsette er Telemark bilruter AS, som har hovudkontor i Seljord. Andre bedrifter som sysselsetter mange er Aspit AS som leverer journalsystem, Aasmundsen bakeri i Flatdal og Dyrsku'n arrangement AS. Fleire bedrifter er nå i ferd med å etablere seg i kommunen.

Seljord er Vestfold og Telemarks 10. største hyttekommune med 1 408 fritidsbygg i 2020. Talet har vore stabilt dei siste 10 årene. Kommunen har også Seljord hotell frå 1850 og mange store campingplasser.

Menn og kvinner i Seljord lever i snitt til de er 78,6 og 83,1 år. Dette er omtrent som fylkesgjennomsnittet. Kommunen scorar elles over fylkes- og landsgjennomsnittet på ein rekke folkehelseindikatorar. Seljordingane er dei mest optimistiske i fylket vårt, kor 79 % har trua på at dei har eller kan få eit lykkeleg liv. Det er eitt prosentpoeng framfor Vinje, og heile 7 prosentpoeng meir enn snittet i fylket. Ungdommane i Seljord scorar klart best på aktivitet i fylket vårt, kor kunn 5,4 % av ungdommane kategoriserast som lite aktive. Dette er godt under snittet i fylket og under landssnittet som er 14 %. Kommunen har midlertidig ein relativ høg del barn i låginntektsfamiliar: 17,2 %.

Telemarksforskning har tidlegare gjort ei analyse av Seljord kommune når det gjeld blant anna befolkningsutvikling og demografiendringar. Den var sentral i arbeidet med budsjett 2021. Det er ikkje innhenta nokon slik analyse i år da et liten grunn til å tru at bilete har endra seg nemneverdig. Vurderingar og konklusjonar frå sist har dermed danna grunnlaget for arbeidet med budsjett 2022 saman med dei siste prognosane frå SSB.

4 Hovudtalla i budsjettforslaget

Post	Bevilgningsoversyn drift A ("kommunestyret")	Rekneskap 2020	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
1	Rammetilskot	-117 842 416	-111 652 000	-116 248 000	-115 334 000	-114 752 000	-116 232 000
2	Inntekts- og formuesskatt	-77 072 725	-80 375 000	-86 999 000	-86 972 000	-86 958 000	-86 948 000
3	Eigedomsskatt	-7 788 091	-13 197 606	-13 197 606	-16 197 606	-17 697 606	-17 697 606
4	Andre generelle driftsinntekter	-17 365 055	-15 154 000	-14 938 700	-14 586 200	-14 587 700	-14 673 400
5	SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER	-220 068 286	-220 378 606	-231 383 306	-233 089 806	-233 995 306	-235 551 006
6	Sum bevilgningar drift, netto	203 091 789	207 424 233	218 634 484	218 952 073	219 441 049	218 937 666
7	Avskrivningar	14 549 313	15 767 000	15 767 000	15 767 000	15 767 000	15 767 000
8	SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	217 641 102	223 191 233	234 401 484	234 719 073	235 208 049	234 704 666
9	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-2 427 184	2 812 627	3 018 178	1 629 267	1 212 743	-846 340
10	Renteinntekter	-1 269 179	-802 250	-838 250	-699 465	-762 748	-769 219
11	Utbyte	-3 332 925	-3 325 000	-4 750 000	-3 705 000	-3 607 720	-3 507 780
12	Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
13	Renteutgifter	4 047 751	3 298 354	5 244 611	6 599 698	6 854 234	6 554 896
14	Avdrag på lån	12 044 000	13 325 887	12 549 377	12 433 984	11 981 124	11 298 302
15	NETTO FINANSUTGIFTER	11 489 648	12 496 991	12 205 738	14 629 217	14 464 890	13 576 199
16	Motpost avskrivningar	-14 549 313	-15 767 000	-15 767 000	-15 767 000	-15 767 000	-15 767 000
17	NETTO DRIFTSRESULTAT	-5 486 849	-457 382	-543 084	491 484	-89 367	-3 037 141
	Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
18	Overføring til investering	343 956	0	0	0	0	0
19	Netto avsetjingar til, eller bruk av bundne driftsfond	6 177 931	1 000	320 000	-303 000	-231 000	-100 000
20	Netto avsetjingar til, eller bruk av disposisjonsfond	2 296 883	456 382	223 084	-188 484	320 367	3 137 141
21	Dekning av tidligere års merforbruk	-3 331 921	0	0	0	0	0
22	SUM DISPONERINGAR, ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	5 486 849	457 382	543 084	-491 484	89 367	3 037 141
23	FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINERE ÅR	0	0	0	0	0	0

Bevilgningsoversyn drift B ("einingane") Programområde/Eining/Ansvar/Del av ansvar (ekskl. fond)	Rekneskap	Just.budsj.	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Sentraladm. og felles (100, 101, 110, 111, 112, 113, 114, 116 og 117)	0	38 064 720	32 160 568	32 474 580	32 126 580	32 474 580
NAV kommune (125)	0	6 217 634	6 367 180	6 367 180	6 367 180	6 367 180
Kyrkjer (130)	0	3 835 581	3 942 977	3 942 977	3 942 977	3 942 977
Premieavvik, amortisering og premiefond (140)	0	-14 663 664	-4 567 587	-4 567 587	-4 567 587	-4 567 587
Tilleggsøyvingar (150)	0	8 005 596	3 523 000	3 523 000	3 523 000	3 523 000
Sal av konsesjonskraft (160)	0	-9 975 000	-7 931 000	-5 504 000	-5 469 000	-5 469 000
Programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesinntekter/-utgifter	26 426 855	31 484 867	33 495 138	36 236 150	35 923 150	36 271 150
Fellestenester skule og oppvekst (200)	0	5 860 348	5 058 046	4 830 046	4 830 046	4 830 046
Avdeling for integrering og vaksenopplæring (205)	0	1 614 376	4 460 568	5 343 568	5 700 568	5 222 568
Kulturskulen (230)	0	3 683 816	3 767 812	3 767 812	3 767 812	3 767 812
<i>Eining:</i> Seljord barne- og ungdomsskule (210 og 211)	0	35 543 893	35 650 199	34 219 011	34 719 011	34 719 011
<i>Eining:</i> Seljord barnehage (220 og 221)	0	16 644 723	16 783 814	16 010 615	16 010 615	16 010 615
<i>Eining:</i> Flatdal oppvekstsenter (212 og 222)	0	14 412 909	15 945 612	14 985 642	14 985 642	14 985 642
Programområde 2 Skule og oppvekst	74 013 691	77 760 065	81 666 051	79 156 694	80 013 694	79 535 694
Fellestenester helse- og omsorg (300, 303, 305, 330 og 336)	0	1 358 824	1 412 750	1 448 828	1 448 828	1 448 828
Barnevern (321)	0	6 190 000	6 104 919	6 604 919	6 604 919	6 604 919
<i>Eining:</i> Helseavdeling (310, 311, 312, 313, 315 og 332)	0	16 451 381	13 953 754	13 974 619	13 974 619	13 974 619
<i>Eining:</i> Open omsorg (331, 334 og 335)	0	26 098 800	25 925 872	25 874 968	25 874 968	25 874 968
<i>Eining:</i> Teneste for funksjonshemma (337)	0	10 533 109	10 554 658	10 530 259	10 530 259	10 530 259
<i>Eining:</i> Institusjon (333 og 338)	0	30 989 849	28 889 001	28 788 601	28 788 601	28 788 601
Programområde 3 Helse og omsorg	81 065 883	91 621 963	86 840 954	87 222 194	87 222 194	87 222 194
Samf.utvikl./drift (410, 411, 440, 500, 510, 520, 530, 540, 550, 551, 552 og 560)	0	17 301 778	16 632 341	16 337 035	16 282 011	15 908 628
Programområde 4 Samfunnsutvikling av drift	21 243 007	17 301 778	16 632 341	16 337 035	16 282 011	15 908 628
SUM BEVLINGNINGAR DRIFT, NETTO (jamfør line 6 i del A)	202 749 436	218 168 673	218 634 484	218 952 073	219 441 049	218 937 666

Post	Økonomisk oversyn drift	Rekneskap 2020	Just. budsj. 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
1	Rammetilskot	-117 842 416	-113 819 000	-116 248 000	-115 334 000	-114 752 000	-116 232 000
2	Inntekts- og formuesskatt	-77 072 725	-85 957 000	-86 999 000	-86 972 000	-86 958 000	-86 948 000
3	Eigedomsskatt	-7 788 091	-7 893 000	-13 197 606	-16 197 606	-17 697 606	-17 697 606
4	Andre skatteinntekter	-6 606 348	-6 685 000	-6 685 000	-6 685 000	-6 685 000	-6 685 000
5	Andre overføringer og tilskot frå staten	-10 758 707	-9 429 000	-8 253 700	-7 901 200	-7 902 700	-7 988 400
6	Overføringer og tilskot frå andre	-64 693 639	-46 511 572	-40 359 645	-40 342 492	-38 349 992	-38 397 492
7	Brukarbetalingar	-11 484 142	-13 660 000	-13 071 602	-13 071 602	-13 071 602	-13 071 602
8	Sals- og leigeinntekter	-33 911 068	-43 118 000	-44 828 464	-42 716 800	-43 146 305	-43 444 039
9	SUM DRIFTSINTEKTER	-330 157 136	-327 072 572	-329 643 017	-329 220 700	-328 563 205	-330 464 139
10	Lønsutgifter	173 597 547	176 649 461	181 402 310	179 900 921	178 996 006	178 613 006
11	Sosiale utgifter	36 331 000	39 375 357	40 609 641	40 101 852	39 800 767	39 823 767
12	Kjøp av varer og tenester	80 626 768	87 264 047	78 639 073	78 657 141	78 836 622	78 990 973
13	Overføringer og tilskot til andre	22 625 324	17 869 205	16 349 616	16 423 053	16 375 553	16 423 053
14	Avskrivningar	14 549 313	15 517 000	15 767 000	15 767 000	15 767 000	15 767 000
15	SUM DRIFTSUTGIFTER	327 729 952	336 675 070	332 767 640	330 849 967	329 775 948	329 617 799
16	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-2 427 184	9 602 498	3 124 623	1 629 267	1 212 743	-846 340
17	Renteinntekter	-1 269 179	-767 000	-838 250	-699 465	-762 748	-769 219
18	Utbyte	-3 332 925	-3 325 000	-4 750 000	-3 705 000	-3 607 720	-3 507 780
19	Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
20	Renteutgifter	4 047 751	2 990 000	5 244 611	6 599 698	6 854 234	6 554 896
21	Avdrag på lån	12 044 000	11 947 000	12 549 377	12 433 984	11 981 124	11 298 302
22	NETTO FINANSUTGIFTER	11 489 648	10 845 000	12 205 738	14 629 217	14 464 890	13 576 199
23	Motpost avskrivningar	-14 549 313	-15 517 000	-15 767 000	-15 767 000	-15 767 000	-15 767 000
24	NETTO DRIFTSRESULTAT	-5 486 849	4 930 498	-436 639	491 484	-89 367	-3 037 141
	<i>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</i>	0	0	0	0	0	0
25	Overføring til investering	343 956	302 125	0	0	0	0
26	Netto avsetjingar, eller bruk av bunde driftsfond	6 177 931	-291 000	213 555	-303 000	-231 000	-100 000
27	Netto avsetjingar, eller bruk av bunde disposisjonsfond	2 296 883	-4 941 623	223 084	-188 484	320 367	3 137 141
28	Bruk av tidligare års mindreforbruk	-3 331 921	0	0	0	0	0
29	Dekning av tidligere års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
30	SUM DISPONERINGAR ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	5 486 849	-4 930 498	436 639	-491 484	89 367	3 037 141
31	FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINERE ÅR	0	0	0	0	0	0
32	NETTO DRIFTSRESULTAT I prosent av SUM DRIFTSINTEKTER	1,66 %	-1,51 %	0,13 %	-0,15 %	0,03 %	0,92 %

Post	Bevilgningsoversyn investering	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
1	Investeringar i varige driftsmidlar	10 657 752,82	64 792 625	47 267 000	43 584 000	6 500 000	6 500 000
2	Tilskot til andre sine investeringar	0,00	0	0	0	0	0
3	Investeringar i aksjar og andelar i selskap	799 116,00	983 000	845 000	845 000	845 000	845 000
4	Utlån av eigne midlar	0,00	0	0	0	0	0
5	Avdrag på lån	0,00	0	0	0	0	0
6	SUM INVESTERINGSUTGIFTER	11 456 868,82	65 775 625	48 112 000	44 429 000	7 345 000	7 345 000
7	Kompensasjon for meirverdiavgift	-716 632,67	-4 890 500	-3 908 000	-7 117 000	-700 000	-700 000
8	Tilskot frå andre	-2 483 075,17	-11 281 000	-3 895 000	-480 000	-480 000	-480 000
9	Sal av varige driftsmidlar	-646 400,00	-3 697 000	-924 000	-845 000	-845 000	-845 000
10	Sal av finansielle anleggsmidlar	0,00	0	0	0	0	0
11	Utdeling fra selskap	0,00	0	0	0	0	0
12	Mottekne avdrag på utlån av eigne midler	0,00	0	0	0	0	0
13	Bruk av lån	-6 580 101,16	-47 580 000	-27 617 000	-18 820 000	-5 320 000	-5 320 000
14	SUM INVESTERINGSINNTEKTER	-10 426 209,00	-67 448 500	-36 344 000	-27 262 000	-7 345 000	-7 345 000
15	Vidareutlån	1 250 955,95	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
16	Bruk av lån til vidareutlån	-1 250 000,00	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
17	Avdrag på lån til vidareutlån	1 228 315,18	684 000	720 000	753 000	786 000	819 000
18	Mottekne avdrag på vidareutlån	-803 926,69	-275 000	-350 000	-383 000	-416 000	-449 000
19	NETTO UTGIFTER VIDAREUTLÅN	425 344,44	409 000	370 000	370 000	370 000	370 000
20	Overføring frå drift	-343 955,95	-302 125	0	0	0	0
21	Netto avsetjingar til, eller bruk av bundne investeringsfond	500 956,88	0	0	0	0	0
22	Netto avsetjingar til, eller bruk av ubundne investeringsfond	-838 000,00	791 000	-12 138 000	-17 537 000	-370 000	-370 000
23	Dekning av tidligare års udekt beløp	0,00	775 000	0	0	0	0
24	SUM OVERFØRING FRÅ DRIFT OG NETTO AVSETJINGAR	-680 999,07	1 263 875	-12 138 000	-17 537 000	-370 000	-370 000
25	Framført til inndekning i seinere år (udekt beløp)	775 005,19	0	0	0	0	0

		2020	2021	2022	2023	2024	2025	nr.
1	Sum investeringar i varige driftsmidlar	10 657 752,82	64 792 625	47 267 000	43 584 000	6 500 000	6 500 000	
2	Fordelt slik↓	Alle summerar er inkl. 25 % mva., med unntak av vatn og avløp (VA) som er ekskl. mva. og kjøp av bustader og deponi som er utan mva.						
3	Flatdal skule	0,00	0	14 166 000	28 334 000	0	0	245
4	Seljord renseanlegg 1)	0,00	1 581 000	7 281 000	0	0	0	520
5	Trafikktryggleikstiltak	141 750,00	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	525
6	Frå leige til eige/Kjøp av ein bustad	0,00	0	2 500 000	0	0	0	550
7	Etablering av hardbruksbustader	0,00	0	1 500 000	0	0	0	608
8	Vatn- og avløpsnett til Sinnesodden 1)	0,00	5 000 000	2 000 000	5 000 000	0	0	612
9	Kjøp av Flatin deponi 1)	0,00	200 000	200 000	0	0	0	614
10	Vegopprusting og trafikktryggleik 1)	0,00	4 375 000	4 375 000	6 250 000	2 500 000	2 500 000	615
11	Fire bustadsosiale einingar 1)	0,00	11 245 000	11 245 000	0	0	0	616
12	Utsifting ledningsnett	0,00	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	644
13	Taksering eigedomsskatt	0,00	293 000	0	0	0	0	165
14	Ventilasjon sløydsal	0,00	250 000	0	0	0	0	240
15	Vognskur/garasje Heddeli barnehage	0,00	187 500	0	0	0	0	246
16	Leikeapparat Seljord barneskule	0,00	187 500	0	0	0	0	247
17	Brakker til Seljord barne- og ungdomsskule	0,00	375 000	0	0	0	0	248
18	Ombygging Heddeli bu- og servicesenter	0,00	10 000 000	0	0	0	0	322
19	Velferdsteknologi Nesbukti	0,00	64 125	0	0	0	0	325
20	Industriområde i Nordbygd, andel prosjektering og kommunal veg	1 147 250,00	14 602 000	0	0	0	0	420
21	Nytt hovudnett/anlegg VA Nordbygd industriområde	150 000,00	9 700 000	0	0	0	0	594
22	Kjøp av Sterke Nils-vegen 1 A	0,00	2 170 000	0	0	0	0	610
23	Minihjullastar	0,00	562 500	0	0	0	0	613
24	IT	104 654,00	0	0	0	0	0	102
25	Sak-/arkivsystem (oppgradering ePhorte) (k.sak 97/20, 17.09.2020)	18 750,00	0	0	0	0	0	118
26	Bukollektiv/Dagaktivitetssenter/Tilbygg demensavdeling/Garasjeanlegg	160 888,00	0	0	0	0	0	319
27	Nytt varmestyringssystem Nesbukti pleie- og omsorgssenter	208 146,00	0	0	0	0	0	323
28	Lakshøl	2 705,50	0	0	0	0	0	401
29	Informasjonstavler	198 625,00	0	0	0	0	0	428
30	Opplevingsvegen. Fjellbrua	401 800,05	0	0	0	0	0	431
31	Bustadområde Tømmeråsen	16 810,00	0	0	0	0	0	530
32	Avlaupsanlegg på Bjørgesida og Vallar	1 252 244,20	0	0	0	0	0	574
33	Århus industriområde, vatn og avlaup	3 157 994,20	0	0	0	0	0	585
34	Feiemaskin	680 596,00	0	0	0	0	0	596
35	Ledningsnett Vekan	89 750,00	0	0	0	0	0	
36	Brannvarsling/brannteikningar Seljord ungdomsskule	509 133,00	0	0	0	0	0	
37	Kommunal teknikk	118 644,00	0	0	0	0	0	
38	Kjøp av eigedomen Nyveg 31	2 298 012,87	0	0	0	0	0	

- 1) Investeringbudsjettet for 2020 er ikkje justert enno. Sak for justering av investeringsbudsjettet vert lagt fram for kommunestyret seinare i år. Tiltaka med fotnote 1) og merka med blått kjem ikkje i gang i 2021, og vert ført opp att i ny økonomiplan (og vert nedbudsjettet i 2021).

5 Kommentarer til budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Innleiing

Denne delen av "Gul bok" inneheld kommentar til tal-delen av budsjettet, og er ei oppfølging av handlingsprogrammet som utgjer fyrste del av dokumentet. Kommenterdelen startar med eit samandrag av hovudtrekka i budsjettet, deretter kjem det ein kommentardel til investeringsbudsjettet før kvart programområde blir kommentert.

Økonomiske målsettingar

For å kunne måle kommunen sin økonomiske situasjon og gje føringar til budsjettet, er det stilt opp nokre økonomiske faktorar som eit styringsverktøy:

I % av driftsinntektene Kr 329.473.000 (snitt pr. år)	Tilrådd nivå	Kommunestyrets måltal	Gjennomsnitt i økonomiplanperioden
Netto driftsresultat	1,75 %	1,75 %	0,23 %
Disposisjonsfond	5 % - 10 %	5 %	2,87 %
Renter og avdrag	2 % - 3 %	3 %	5,86 %
Låne finansiering av investeringar	50 % - 60 %	50 % - 60 %	

Det har vore tilrådd at netto driftsresultat som eit gjennomsnitt over tid burde vere 3 %. Dette har vore "tommelfingerregelen" for god økonomistyring. I "Rapport frå Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi" frå november 2014 vert det tilrådd eit nivå for netto driftsresultat på 1,75 %. Bakgrunnen for denne endringa er endring i korleis momskompensasjonen frå investeringar skal bokførast. Før skulle desse inntektene bokførast i driftsrekneskapen og det var friviljug om ein ville føre desse inntektene over i investeringsrekneskapen som eigenkapital. Dersom ein ikkje gjorde det, var det "lett" å få eit driftsresultat på 3 %. Slik sett kan ein seie at det er like vanskeleg å få eit netto driftsresultat på 1,75 % på "rett" måte, som det var å få det på ein "lett" måte.

Disposisjonsfond

Inngående balanse 01.01.2021	14 439 000
Opphavleg budsjett 2021. K.sak 142/20, 10.12.2020	-6 357 000
K.sak 14/21, 04.02.2021 Lokal tiltakspakke Korona	-100 000
F.sak 15/21, 18.02.2021 § 11-8. Sikringsradio	-40 000
K.sak 23/21, 11.03.2021 Forprosjekt Flatdal skule	-315 000
K.sak 34/21, 29.04.2021 Tillegg sjukepleiatar natt	-137 000
K.sak 35/21, 29.04.2021 TISK juli-september	-493 000
K.sak 36/21, 29.04.2021 Sjukepleiarårsverk	-300 000
K.sak 37/21, 29.04.2021 PO 4. 1,35 årsverk	-500 000
K.sak 48/21, 17.06.2021 Budsjettkontroll pr. 01.06.2021	2 630 000
K.sak 61/21, 17.06.2021 Arkeologisk utgraving Dyrsku`n	-150 000
K.sak 65/21, 02.09.2021 TISK oktober- desember	-414 000
K.sak 80/21, 07.10.2021 Budsjettkontroll pr. 07.10.2021	1 274 000
Netto bruk av disposisjonsfond i 2021 (pr. k.sak 80/21, 07.10.2021)	-4 902 000
Utgående balanse 31.12.2021 (pr. k.sak 80/21, 07.10.2021)	9 537 000
Løyving frå 2020 til fiber/breiband (ikkje utbetalt enno)	-1 200 000
Disponibelt disposisjonsfond 31.12.2021 (pr. k.sak 80/21, 07.10.2021)	8 337 000
Rådmannens framlegg til budsjett 2022 (avsetjing)	262 281
Rådmannens framlegg til budsjett 2023 (bruk)	-148 747
Rådmannens framlegg til budsjett 2024 (avsetjing)	360 104
Rådmannens framlegg til budsjett 2025 (avsetjing)	3 176 878
Disposisjonsfond 31.12.2025	11 987 516

Statleg rammetilskot – Utgiftsutjamning og innbyggjartilskot

	2021	2022				
1	2	3	4	5	6	7
Delelement	Justert budsjett 2021 ekskl. Korona	Statsbudsjettet "Grønt hefte"	Prognose 13,5 % skattevekst 2020-2021	Prognose Solberg 11,55 % skattevekst 2020-2021	Rådmannen	Avvik 6 mot 5
Rammetilskot (fast del)	105 179 000	109 374 000	109 374 000	109 374 000	111 374 000	2 000 000
Skatt og inntektsutjamning	94 998 000	96 051 000	97 360 000	95 361 000	96 364 000	1 003 000
Sum frie inntekter	200 177 000	205 425 000	206 734 000	204 735 000	207 738 000	3 003 000

Rådmannen har lagt inn ei «forventing» om at den nye regjeringa vil auke rammetilskotet med kr 2 mill. (til dømes kr 500.000 i tilskot til kvar grunnskule). I tillegg har rådmannen lagt til grunn at skatteinngangen for landet (og i Seljord) frå 2020 til 2021 blir noko betre enn 11,55 % som Solberg-

regjeringa la til grunn i framlegget til statsbudsjett for 2022. Framskrivingsgrunnlaget for skatt og inntektsutjamning frå 2021 til 2022 vert då høgare. I statsbudsjettet (Solberg) er den kommunale skattøyren i 2022 redusert med 1,2 prosentpoeng.

Inkludert i rammetilskotet ligg skjønsmidlar med 1,2 mill. i 2022. Rådmannen har lagt inn kr 1 mill. i skjønsmidlar for kvart av åra 2023-2025. Om vi får skjønsmidlar vert avgjort av Statsforvaltaren år for år. Det er lagt inn 0,5 % realvekst på skatt og rammetilskot kvart år (fom. 2023).

Kraftinntekter

Kraftinntekt	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Sal av konsesjonskraft	3 910 000	3 760 000	6 310 000	8 074 000	3 903 000	9 975 000	7 931 000	5 504 000	5 469 000	5 469 000
Naturressurs-skatt	4 325 000	4 485 000	4 631 000	4 491 000	4 413 000	4 491 000	4 491 000	4 491 000	4 491 000	4 491 000
Konsesjons-avgifter	1 941 000	1 941 000	1 941 000	2 194 000	2 194 000	2 194 000	2 194 000	2 194 000	2 194 000	2 194 000
Eigedomsskatt	8 272 000	7 147 000	6 481 000	6 486 000	6 271 000	6 441 000	6 412 000	6 441 000	6 469 000	6 497 000
Sum	18 448 000	17 333 000	19 363 000	21 245 000	16 781 000	23 101 000	21 027 000	18 630 000	18 623 000	18 651 000
Gjennomsnitt rekneskap 2016-2020:										
18 634 000										

«Sal av konsesjonskraft» for 2022-2024 er sett opp etter «estimat/budsjett» i e-post 04.10.2021 frå dagleg leier for Konsesjonskraftstyret i Telemark. Rådmannen har lagt til grunn at 2025 vert lik 2024. Konsesjonsavgiftene er "inputen" på kraftfondet (Næringsfond I). NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) justerer konsesjonsavgiftene kvart 5. år. 2019 er første året i ny 5-årsperiode (2019-2023), og skal då justerast frå og med 2024, men det er ikkje lagt inn noko endring frå 2024 i økonomiplanen.

Utbyte frå aksjeselskap

Selskap	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Vest-Telemark kraftlag	1 900 000	2 850 000	4 180 000	5 130 000	3 325 000	3 325 000	4 750 000	3 800 000	3 800 000	3 800 000
Telemark bilruter	47 000	47 000	50 000	50 000	0	0	0	0	0	0
Sum	1 947 000	2 897 000	4 230 000	5 180 000	3 325 000	3 325 000	4 750 000	3 800 000	3 800 000	3 800 000
Gjennomsnittleg utbyte VTK. Rekneskap 2016-2021										
3 452 000										

Seljord kommune eig 19 % av Vest-Telemark kraftlag (VTK), til liks med dei andre Vest-Telemarkkommunane, med unnatak av Nissedal som eig 5 %. For 2021 er det venta at VTK vil få eit overskot på kr 50 mill. og då kr 25 mill. (50 %) i utbyte til eigarkommunane, derav kr 4.750.000 (19 %) til Seljord kommune. For resten av økonomiplanperioden er det budsjettert med eit «normalutbyte» på kr 3,8 mill. (VTK overskot på kr 40 mill., og kr 20 mill. i samla utbyte).

Eigedomsskatt

Skatteobjekt	2021	2022	2023	2024	2025
Kraftanlegg	6 441 000	6 411 606	6 440 606	6 468 606	6 496 606
Overføringsanlegg/Kraftnett	1 201 000	1 201 000	1 201 000	1 201 000	1 201 000
Produksjonsutstyr og installasjonar ("maskinskatt"). Overgangsordning	113 000	85 000	56 000	28 000	0
Næringseigedomar (tidlegare "verk og bruk"). Overgangsordning	138 000	0	0	0	0
Sum "eksisterande" eigedomsskatt	7 893 000	7 697 606	7 697 606	7 697 606	7 697 606
Næringseigedomar (Ny)	0	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Bustad- og fritidseigedomar (Ny)	0	3 000 000	6 000 000	7 500 000	7 500 000
Sum eigedomsskatt (ny)	0	5 500 000	8 500 000	10 000 000	10 000 000
Sum totalt	7 893 000	13 197 606	16 197 606	17 697 606	17 697 606

Ved innføring av eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar må ein byrje på lågaste skattesats som er 1 promille og deretter kunne auke med maksimalt 1 promille kvart år til ein når maksimal sats på 4 promille (tidlegast i 2025). Når det gjeld verk og bruk (og næringseigedomar) er Seljord kommune for lenge sidan kome opp i 7 promille. Eigedomsskatt på verk og bruk vart innført i Seljord i 1976.

Rådmannen gjer framlegg om å skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Seljord kommune frå og med 2022, jf. eigedomsskattelova § 3 a, med ein skattesats på bustader og fritidsbustader på 1 promille i 2022, 2 promille i 2023 og 2,5 promille i både 2024 og 2025, og 7 promille for næringseigedomar (inkl. kraft) i heile perioden.

Eigedomsskatten på ein bustadeigedom med ein marknadsverdi/salsverdi på kr 2 mill. (kanskje ein gjennomsnittsbustadeigedom i Seljord kommune?) vert slik:

Marknadsverdi = Eigedomsskattetakst		2 000 000
Obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 %	- 30 %	- 600 000
÷ Eventuelt botnfrådrag		0
Berekningsgrunnlag		1 400 000
Eigedomsskatt 2022 (år 1)	0,1 %	1 400
Eigedomsskatt 2023 (år 2)	0,2 %	2 800
Eigedomsskatt 2024 (år 3)	0,25 %	3 500
Eigedomsskatt 2025 (år 4)	0,25 %	3 500

Det er kommunestyret som må bestemme om det skal vere botnfrådrag, og kor stort det eventuelt skal vere.

For næringseigedomar er allereie på 7 promille på slike eigedomar. Ein næringseigedom som får ein eigedomsskattetakst på kr 10 mill., må då årleg betale kr 70.000 i eigedomsskatt, og det er grunn til å tru at nokre næringseigedomar får ein del høgare takst enn det. Fleire næringseigedomar vert sjølvstakt taksert lågare enn kr 10 mill., og mange langt lågare.

Nokre eigedomar er fritekne for eigedomsskatt, til dømes statlege og kommunale eigedomar, kyrkjer og eigedomar som vert drivne som gardsbruk eller skogsbruk (men våningshuset kan ikkje fritakast). Dessutan kan kommunestyret fritaka nokre typar eigedomar, til dømes eigedomane til frivilljuge lag og organisasjonar, og bygningar med historisk verdi.

Inntektene frå den nye eigedomsskatten som er lagt inn rådmannens framlegg til budsjett er eit overslag. Kva takstane blir er ikkje klart før i februar 2022. I 2022 er det lagt inn kr 100.000 (rund sum) til klagehandsaming.

Eit oversyn over betalingsatsar (gebyr) for kommunale tenester finst i eige vedlegg.

Brutto lånegjeld

Låneopptak/ Avdrag	Dato/År	Beløp	Folketal 01.07.2021	Lånegjeld pr. innbyggjar
Lånegjeld	31.12.2020	266 927 000	2 905	91 885
Låneopptak	2021	35 744 000		
Avdrag	2021	-12 631 000		
Lånegjeld	31.12.2021	290 040 000	2 905	99 842
Låneopptak	2022	28 617 000		
Avdrag	2022	-13 269 000		
Lånegjeld	31.12.2022	305 388 000	2 905	105 125
Låneopptak	2023	19 820 000		
Avdrag	2023	-13 506 000		
Lånegjeld	31.12.2023	311 702 000	2 905	107 298
Låneopptak	2024	6 320 000		
Avdrag	2024	-13 406 000		
Lånegjeld	31.12.2024	304 616 000	2 905	104 859
Låneopptak	2025	6 320 000		
Avdrag	2025	-13 059 000		
Lånegjeld	31.12.2025	297 877 000	2 905	102 539

Brutto lånegjeld kunne vore kr 28,5 mill. høgare (pr. 31.12.2023 og framover), men kr 28,5 mill. av finansieringsbehovet med reovering og nybygg på Flatdal skule til kr 34 mill. (ekskl. mva.) er finansiert med tilbakebetaling i 2022 av utlånet til VTK. Opptak av nytt lån til Flatdal skule vert då kr 5,5 mill. (i 2023).

Finanskostnader

Finansinntekter/-utgifter (i drift)	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2021	Budsjett 2025
Renteinntekter	-1 268 000	-767 000	-838 000	-717 000	-803 000	-833 000
Utbyte	-3 325 000	-3 325 000	-4 750 000	-3 800 000	-3 800 000	-3 800 000
Sum renteinnt. og utbyte	-4 593 000	-4 092 000	-5 588 000	-4 517 000	-4 603 000	-4 633 000
Renteutgifter på lån	3 995 000	2 980 000	5 235 000	6 759 000	7 210 000	7 091 000
Avdragsutgifter	12 044 000	11 947 000	12 549 000	12 753 000	12 620 000	12 240 000
Sum rente- og avdragsutg.	16 039 000	14 927 000	17 784 000	19 512 000	19 830 000	19 331 000
Netto finanskostnader	11 446 000	10 835 000	12 196 000	14 995 000	15 227 000	14 698 000

I økonomiplanen (jf. *Bevilgningsoversyn drift A* og *Økonomisk oversyn drift*) er finanskostnader og finansinntekter (inkl. utbyte frå VTK) **deflatert** med 2,5 % kvart år fom. 2023 (2,5 i 2023, 5,06 i 2024

og 7,69 i 2025). Økonomiplanen er sett opp i faste 2022-prisar. Alle beløp i økonomiplanen vert då justert for deflator (løns- og prisvekst) ved neste rulling av økonomiplanen. Renter og avdrag (og utbytte) vert ikkje justert for slik prisvekst.

Vurdering av renter i økonomiplanperioden:

År	Kommunalbanken 23.09.2021	
	Med bruk av NB-overslag	Med bruk av marknadsrenter
2022	1,81 %	1,70 %
2023	2,35 %	2,18 %
2024	2,60 %	2,38 %
2025	2,65 %	2,41 %

NB = Norges Bank

Rådmannen har brukt det lågaste alternativet («Med bruk av marknadsrenter») på utrekning av renter i økonomiplanperioden på lånegjelda pr. 31.12.2021 på kr 290.040.000. Ved utrekning av rentekostnad på opptak av nye lån i økonomiplanperioden er det brukt 2 % «flatt» for alle åra (2022-2025).

Pensjon

Det er budsjettert med om lag kr 20,4 mill. i pensjonskostnad kvart år i økonomiplanperioden. Korleis pensjonskostnaden vert i åra framover er usikkert. Pedagogisk personale er innmeldt i Statens Pensjonskasse, alle andre i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

For å unngå store variasjonar i pensjonskostnaden, er det innført ei ordning som skal jamne ut utgiftsført pensjonskostnad over tid. Denne ordninga, som kom i 2002, har ført til at kommunane åra har utgiftsført ein lågare pensjonskostnad enn det dei verkeleg har betalt inn i premie. Pr. 31.12.2020 har Seljord kommune i åra 2002-2019 utgiftsført i rekneskapen kr 15,3 (ekskl. arbeidsgjevaravgift) mindre enn det som faktisk er betalt inn i pensjonspremie. Dette beløpet skal utgiftsførast ("amortiserast") i åra som kjem. Premieavviket for 2002-2010 skal amortiserast (fordelast) over 15 år, 2011-2013 over 10 år og premieavvik for 2014 og frametter over 7 år.

Det er ikkje budsjettert med ekstraordinær bruk premiefondet i økonomiplanperioden, men med «ordinær» bruk, kr 1.094.000 kvart år.

6 Investeringar



Investeringsbudsjettet for 2022 er hovudsakleg ei realisering av tidlegare politiske vedtak. Nokre av kostnadene i investeringsbudsjettet er usikre. Fleire av investeringar er relatert til vatn og avlaup (VA) og vert finansiert av innbyggjarane gjennom kommunale avgifter.

Detaljar om nye investeringane går fram av tabellane «Bevilgningsoversyn investering» og «Investeringar i varige driftsmidlar».

4 bustadsosiale einingar

Prosjektet vart utsett p.g.a. for høge tilbod. Sundbøhaugen vil kome ut på ny anbudsrunde i haust. For Seljord tek vi ei vurdering av andre tomtealternativ for å få ned prisen. Det er sett av 11 245 000 i 2022.

Nye Flatdal skule

Det er foreløpig ikkje avklart kva og korleis utbygginga av Flatdal skule skal skje. Det er sett av kr 34 mill. (ekskl. mva., kr 42,5 mill. inkl. mva.), fordelt på 2022 og 2023. Talet er henta frå forprosjektet, alternativ restaurering og utviding med nybygg etter TEK 17. Det er lagt til grunn at finansieringsbehovet på kr 34 mill. vert dekt med innløyising (eingongsavdrag) på utlånet til VTK på 28,5 mill. og kr 5,5 mill. i nytt låneopptak.

Frå leige til eige

Kommunestyret i Seljord fatta i september vedtak om at Seljord kommune skal prøve ut «Leige til eige» som eit nytt bustadpolitisk verkemiddel. Kommunen skal kjøpe bustad til to familiar der formålet er at vanskelegstilte familiar skal kunne overta fullt økonomisk ansvar for eigen bustad på sikt. Ordninga er eit prøveprosjekt og den fyrste familien flytta inn i hus våren 2021. Det er lyst ut ny runde, og vi håper å komme i gang med del to av prosjektet i 2022 og har sett av 2,5 mill. til det.

Innkjøp og etablering av hardbruksbustadar

Det er behov for bustadar som toler tøff bruk. Det er sett i gang arbeid for å sjå på kor og korleis dette skal gjerast. Saka vil komme til politisk handsaming når detaljane kjem på plass. Det er behov for minst 2 slike bustadar. Dei kostar kr. 440 000 per stykk utan mva og frakt. I tillegg kjem det kostandar knytt til plassering, vatn og avløp, tilkomst med meir, totalt 1,5 mill.

Kjøp av eigedom - Flatin deponi

Seljord kommune har etter forhandling med SVV fått til ein avtale om overtaking av eigedommen Flatin deponi, det blei i møte 4.11.2019 avklart at endeleg overtaking fyrst kan skje hausten 2020. Dette grunna at det skal gjennomførast ei jordskiftesak for å endeleg fastsette eigedomsgrensar og

for å avklare bruksordning til veglag. Etter at Statens vegvesen har gjennomført taksering er prisen på eigedommen sett til kr 200.000,-.

Oppgradering Seljord reinseanlegg

Hovudplan for vatn og avløp (vedteken i k.st. 10.12.2020) viser at det er behov for å utvide kapasiteten på Seljord RA. Det blir sett av kr 7.581.000 i 2022 for å få dette på plass. Viktig å sjå opp imot utviding i Nordbygdi, Sinnesodden og kapasiteten under dei store arrangementa på Dyrskuplassen.

Trafikktryggleikstiltak

På same måte som tidlegare år, vert det lagt fram forslag om å vidareføre arbeidet med trafikktryggleik gjennom investeringar i infrastruktur for å medverke til auka tryggleik i den lokale trafikken. Løyvinga skal nyttast i samsvar med plan for trafikktryggleik. Det er budsjettert med kr 1 mill. årleg. Tilskot frå fylkeskommunen på inntil 60 % og mva kompensasjon gjer at den kommunale delen utgjør ca. kr. 320.000 årleg.

Planlagt utskifting av leidningsnett vatn og avløp

Hovudplan for vatn og avløp viser at det er behov for utskifting av gammalt leidningsnett. Det er sett av 1.500.000 årleg på vatn og 1.500.000 årleg på avløp kvart år i økonomiplanperioden til dette arbeidet.

Framføring nytt vatn og avløpsnett til Sinnesodden

Reguleringsplan for Sinnesodden skal ut på offentleg høyring, og Seljord kommune har tidligare varsla at kommunen skal bistå med framføring av hovudnett vatn og avløp til området. Dette er ikkje prosjektert eller laga kostnadskalkyle på, men vi har sett av ein sum på 2 millionar til prosjektering i 2022 og 5 millionar for gjennomføring i 2023 for dette tiltaket. Heile tiltaket kan kome i 2022. Summen er basert på eit estimat utifrå kostnad frå liknande prosjekt.

Vegopprusting og trafikktryggleik

Det vart lagt inn 3,5 mill i 2021 til vegopprusting og trafikktryggleik, og vidare vart det lagt inn 5 mill i 2022 og deretter 2 mill i 2023 og 2024. Dette kom inn som forslag under budsjetthandsaminga i 2020. Fordi vi ikkje greidd å gjere arbeidet i 2021, forskuvar vi alt eitt år framover i økonomiplanperioden.

7 Programområde 1 – sentraladministrasjon og fellesutgifter/inntekter



Innleiing

Sentraladministrasjonen bidreg til fellestenester for alle programområdene. I følge ein landsdekkande undersøking våren 2019 utført av Agenda Kaupang, ligg Seljord på normalen når det kjem til talet på tilsette i administrasjon.

Tilsette i sentraladministrasjonen er rådmanns leiargruppe, arkiv, sentralbord, personal- og økonomi, reinhaldsleiar og møtehandsamar til politiske møte.

Ansvar 100 – Folkevalde

Budsjettposten omfattar val i 2023 og 2025. Det er budsjettera med støtte til dei politiske partia, dette er ei frivillig ordning. Ordinær partistøtte kjem over statsbudsjettet.

Ansvar 101 – Kontrollorgan mm.

Budsjettet omfattar utgifter til kommunal revisjon og drift av kontrollutvalet, og er i samsvar med kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret for budsjettåret 2022.

Ansvar 110 – Rådmannskontor og fellestenester

Budsjettet omfattar drift av rådmannskontoret og ei rekke fellesfunksjoner i kommunen. Budsjettet tek høgde for vidareføring av dagens nivå.

Kommunalsjef for PO 2 skule –og oppvekst er frå 2022 auka frå 80% til 100 % stillingsheimel på fast basis.

På teneste 1201 «Fellestenester» på ansvar 110 er det budsjettert med at kommunen i sum skal få kr 750.000 kvart åt (kr 829.500 inkl. arbeidsgjevaravgift) i inntekter frå sjukepengar/foreldrepengar utan at det blir sett inn vikar i langtidfråveret, altså frå dag 17 av fråveret og utover til eitt år.

Ansvar 111 – Økonomiavdelinga

Budsjettet gjeld drift av økonomiavdelinga. Det er lagt inn kr 100.000 (rund sum) til klagehandsaming på utskriven eigedomsskatt.

Ansvar 112 – IT

Budsjettet omfattar drift av IKT innan alle avdelingane. Ein stor del av budsjettet går til driftsavtale med ein ekstern driftsoperatør, aspIT. I tillegg er det budsjettera med kostnader til lisensar og andre vedlikehaldsavtaler på ei rekke fagsystem innan arkiv, økonomi, skatt, helse, skule, pleie og omsorg, sosial, kart og oppmåling mm.

Ansvar 113 – Telefon

Budsjettet omfattar i hovudsak kostnader knytt til abonnement og teletrafikk.

Ansvar 114 – Forsikringar

Budsjettet omfattar kommunens forsikringar. Kommunen har inngått forsikringsavtaler gjennom forsikringsmeklaren Waco AS. Kommunen har kommunal ansvarsforsikring, tingforsikring, barneulykke og forsikring av motorvogner i forsikringsselskapet Protector Forsikring. Yrkesskadeforsikring er etter felles innkjøpsavtale frå og med 2021 gjennom KLP forsikring.

Ansvar 116 – Personalavdelinga

Budsjettet omfattar drift av personalavdelinga, der ansvaret for løn, sjukefråvær og refusjon frå NAV ligg. Merkantil avdeling med ekspedisjon, internpost og delar av arkivoppgåvene er også tilknytt denne avdelinga. I tillegg ligg budsjett for administrasjonslokale til dette ansvarsområdet. Lovpålagt bedriftshelseteneste og andre felleskostnader, som til dømes opplæringsplan og felles velferdstiltak for tilsette, ligg også her.

Annakvart år arrangerer Seljord kommune jubileumsfest for tilsette som har vore tilsett i 25 år. Ein samlar gjerne opp jubilarar for to år. I 2023 er det tid for ei slik markering igjen. Arrangementet inkluderer middag og gåve, bestående av to sylvljosestakar – der ei har inngravert *Seljord kommune*. Det er lagt inn eit beløp på kr 70 000 til dette arrangementet i 2023.

Frå budsjettvedtaket i sak 142/20 ligg det krav om reduksjon i PO1 sentraladministrasjonen tilsvarande 500 000 kr frå 2022. Då PO1 er eit lite område som omfattar få stillingar, er det krevjande å finne innsparingstiltak som kan monne i ein slik grad at det har ein effekt på kr 500 000 alt frå 01.01.2022. Etter drøftingar i rådmannens leiargruppe vert det lagt fram forslag om å avvikle organisasjons- og personalsjefstillinga, for så å tilsette dagens organisasjons- og personalsjef i stillinga som biblioteksjef, tilknytt PO4. Organisasjons- og personalsjefen har universitetsutdanning med mellomfag i litteraturvitskap og hovudfag i nordisk språk og litteratur, samt praktisk pedagogisk utdanning og master i leiing. Med denne bakgrunnen meiner rådmannen at den tilsette er fagleg kvalifisert for stillinga som biblioteksjef, og overføringa av ressursen og midla er ei god løysing framfor å tilsette eksterne og risikere å måtte seie opp interne. Ved denne endringa blir dei tilsette på ansvar 116 lagt som stabsfunksjon inn under rådmannen. Det skal gjennomførast interne drøftingsmøte for å avklare vidare struktur og arbeidsfordeling.

Ei generell tilbakemelding frå området er å oppgradere og ta ordentleg i bruk dei digitale hjelpemidla kommunen har investert i, slik at ein kan få full effekt av desse. Dette vil bidra til at arbeidet blir meir smidig samtidig som det vil auke internkontrollen.

Ansvar 117 - Reinhaldsavdeling

Reinhaldsarbeidet har vore heilt sentralt og har vorte styrka under store deler av koronapandemien. Fleire einingar har fått styrkt bemanning gjennom auke og omdisponering av reinhaldsressursane i kommunen. Det har og vorte leig inn vikarar.

Ved helsesenteret er det sterk trong for ei auke i reinhaldsressurs på 30 %. Under pandemien er ressursauken prøva ut, og ein ser klare kvalitetsforbetringar i reinhaldet ved dette. I tillegg vil det gjere positivt utslag på vedlikehaldet av bygget, ved at slitasjen går ned. Reinhaldarane kan jobbe på ein meir effektiv og hensiktsmessig måte ved å vere til stades på dagtid, saman med dei tilsette på helsesenteret. Vidare vil bruken av vikarar reduserast som følge av dette. Utgifter til kveldstillegg blir

eliminert når kveldsarbeidet forsvinn. Samstundes får reinhaldarane ta del i arbeidsmiljøet på ein betre måte. Ei slik auke har ein kostnad på kr 164 971, inkludert pensjon- og arbeidsgjevaravgift.

Våren 2020 vart det gjennomført ei innsparing på reinhaldsressurs ved Nesbukti pleie og omsorgssenter på 10 % stilling. Eininga meiner at det er sterk trong for å re-etablere denne stillingsprosenten, slik at reinhaldsressursane er tilpassa reinhaldsbehovet. Etter ny kartlegging av bygget, viser det seg at ressursstorleiken ikkje er tilpassa areal og bruk. Evaluering av stillingsreduksjonen er ikkje gjennomført. I tillegg til å gå ut over det daglege reinhaldet, går stillingsreduksjonen mellom anna ut over reingjering av pasientrom etter dødsfall. Forseinka reingjering av pasientrom kan medføre at pasienten må vere lengre på sjukehus, og kommunen får rekninga for overliggardøgn.

Mykje av reinhaldsutstyret i kommunen er gammalt, slitt og lite effektivt. Arbeidet er manuelt og tungt. Innkjøp av funksjonelt utstyr kan lette arbeidet, bidra til å minske faren for belastningsskadar og dermed hindre langvarige sjukemeldingar som følge av dette. Det er trong for golvvaskemaskin ved Flatdal oppvekstsenter (50 000 kr) og helsesenteret (50 000 kr), samt moppemaskin (35 000 kr) til Flatdal oppvekstsenter.

Ansvar 125 – Nav kommune

Gjeldsrådsgjevar er den einaste som utfører oppgåver knytt til NAV som framleis tilknytt Seljord kommune etter at NAV Vest Telemark vart samla i Tokke kommune frå og med 01.01.2020. Kostnadane for denne stillinga er i dag fordelt etter folketalet i kommunane. Frå og med 2022 vert gjeldsrådsgjevar etter planen flytta over til NAV Vest-Telemark.

Gjennom Vest-Telemarkrådet sjåast det nå på ei anna finansiering av NAV Vest- Telemark. Sannsynlegvis blir kostnadane til Seljord kommune høgare med ny finansieringsmodell. Det vil kome ei egen sak om dette til politisk handsaming.

Ansvar 130 – Kyrkjelege føremål

Budsjettet omfattar overføringar til tidligare Seljord kyrkjelege fellesråd, no Seljord sokn.

Ansvar 150 – Tilleggsøyvingar

Budsjettet inneheld ein lønsreservepost som skal finansiere lønsoppgjering i budsjettåret. Beløpet skal dekkje på løn og sosiale kostnader (pensjon og arbeidsgjevaravgift av lønsveksten) og tilsvarande for Seljord sokn.

Tilleggsøyvingar til disposisjon for formannskapet (kr 120.000) og for ordførar og rådmann (kr 30.000) er vidareført på lik linje med tidlegare år.

Ansvar 199 – Avskrivningar

På dette ansvaret vert avskrivningane på anleggsmidla ført. Avskrivningane i økonomiplanperioden er stipulert til om lag kr 16 mill. I kommunerekneskapen får ikkje avskrivningane nokon resultat effekt i driftsrekneskapen, men verdien av anleggsmidlane vert nedskriven i balanserekneskapen.

8 Programområde 2- skule og oppvekst



Innleiing

Hausten 2020 starta ein forventa nedgang i elev- og barnetal. Om fem skuleår er forventa elevtal i grunnskulen 270 elevar. Barn i barnehagealder vil også gå litt ned dei neste åra, for deretter ligge relativt stabilt. Det er sentrumsskulen som har størst nedgang, medan elevtalet i Flatdal er relativt stabilt dei neste fire åra.

I Seljord har vi trua på framtida og satsar på at det blir rehabilitering og/eller nytt skulebygg i Flatdal i 2022-23. I økonomiplanperioden må ein også rekne med investeringar ved Seljord barne- og ungdomsskule. Rådmannen legg til grunn ei «skulepakke» dei neste åra som gir elevar, tilsette og foreldre eit etterlengta «løft» for skulen.

Og allereie denne hausten kan det sjå ut til at fødselstala peiker oppover. Vi får med andre ord håpe på at det vil gro mykje - og godt - i bygda dei neste åra.

Elevtal

SELJORD GRUNNSKULE 2021-26

År	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26	2026-27
Sum	349	333	323	321	300	269

Det er vanskeleg å redusere driftsnivået i skulen fordi storleiken på fleire av kulla våre er større enn 15/20 elevar, slik at ein uansett må ha ein ekstra lærar, jf. forskrift til Opplæringslova § 14A-1, «nasjonal lærarnorm»:

«På ein grunnskole skal forholdet mellom talet på lærarar og elevar i ordinær undervisning frå 1. august 2019 maksimalt vere:

- 15 elevar per lærar på 1.–4. årstrinn
- 20 elevar per lærar på 5.–7. årstrinn
- 20 elevar per lærar på 8.–10. årstrinn.»

I Seljord har vi også relativt mange elevar med vedtak om spesialundervisning og/eller vedtak om særskilt språkopplæring. Dette, i kombinasjon med lærarnormen og ein desentralisert skulestruktur, gir skulane og kommunen eit mindre handlingsrom for å redusere driftsnivået.

Namn	År	Gr.storleik 1.-4.	Gr.storleik 5.-7.	Gr.storleik 8.-10.
Flatdal os, skule	2021-22	8,12	10,6	
Seljord b-og u	2021-22	11,24	16,61	15
Nasj.norm		15	20	20

I gjeldande budsjett- og økonomiplanperiode er det lagt til grunn reduksjon av stillingar i skule og barnehage. Det har vist seg vanskeleg å realisere denne innsparinga i 2022, men demografiutviklinga fører til at ein må overføre ressursar frå skule og oppvekst til helse og omsorg dei neste åra. Samanlikna med andre kommunar og nasjonale måltal ser det ut til at kommunen kan redusere driftsnivået i skule og barnehage, utan at det går utover eit forsvarleg minimumstilbod.

Auke spesialpedagogiske behov

Oppvekstsektoren har dei siste åra opplevd auka behov for spesialpedagogiske tiltak i barnehage og skule. Vi har kommunal logoped og spesialpedagog for å sikre at barn og elevar skal få rask og kompetent hjelp tidleg. Auke i behovet for spesialundervisning i skulen kan tyde på at grunnressursnivået over tid har vore for lågt, truleg i kombinasjon med at framandspråklege elevar ikkje får tilstrekkeleg hjelp dei fyrste åra i skulen og at ein difor akkumulerer eit behov for spesialundervisning seinare i skuleløpet.

Bemanning og opptak i barnehagane

I barnehagane tilpassar ein bemanning etter talet på barn som søker plass i hovudopptaket kvar vår. Dette er ein økonomisk gunstig måte å drifte på, da vi heile tida utnyttar bemanningskapasiteten fullt ut.

Det er lagt til grunn at bemanningsnivået i barnehagane vil innfri opptak av barn i samsvar med barnehageloven, for barn som fyljer ett år seinast 1. november det året dei søker barnehageplass, men ikkje etter opptak gjennom heile året.

Barnehagane ynskjer å auke grunnbemanninga med inntil 3 årsverk.

Retten til barnehageplass gjeld for barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av november det året det blir søkt om barnehageplass. I Seljord har vi areal til mange fleire barn i barnehage, men ikkje økonomi til å auke bemanninga. Denne situasjonen skapar vanskar for tilflytting gjennom året/våren, samt busetting av familiar med barn. Bemanninga i Seljord fylgjer i hovudsak den nasjonale norma, men med 2/3 bemanning med barnehagelærarar der lovkravet er 50%. Nasjonal pedagognorm er minst 1 pedagogisk leiar per 7 barn under 3 år og minst 1 pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år. Nasjonal bemanningsnorm er eitt personal per 3 barn under 3 år og eitt personal per 6 barn over 3 år. Fordelinga av barn i barnehagane er forventa å bli om lag slik neste barnehageår.

2022/23	2021	2020	2019	2018	2017	Alle barn
Barnehage	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	1-5 år
Tussejuv	12	4	7	11	7	41
Heddeli	12	4	6	9	5	36
Flatdal		3	6	4	6	19

Flatdal barnehage

Budsjettert med 6 årsverk i barnehagen frå og med august 2022, fordelt med 100 % styrar, 267 % pedagog og 233 % assistent (inkl. 100 % vikar) gir grunnlag for opptak av inntil 24 barn over tre år/plassar per dag. Barnehagen er ikkje lagt til rette for barn mindre enn tre år.

Seljord barnehage, avdeling Heddeli

Budsjettert med 10,2 årsverk i barnehagen frå og med august 2022, fordelt med 100 % styrar, 553 % pedagog og 367 % assistent (inkl. 100 % vikar).

Seljord barnehage, avdeling Tussejuv

Budsjettert med 15 årsverk i barnehagen frå og med august 2022, fordelt med 100 % styrar, 900 % pedagog og 500 % assistent (inkl. 100 % vikar).

Arbeid med digitalisering

Det er behov for å fylgje opp det digitale arbeidet i sektoren betre, både i høve til utstyr, program- og maskinvare, samt kompetanse- og utviklingsarbeid. Det har vore store utfordringar med til dømes implementering av «Visma flyt skule og barnehage», noko som fører til ekstra utgifter i 2022, samt at skulane enda ikkje har eit velfungerande skuleadministrativt fagsystem med sikker arkivering av personopplysningar. På barnehagesida ynskjer ein å behalde Mykid som per dags dato har ein langtføre funksjonalitet enn Visma. Dette fører til ei ekstrakostnad, men barnehagane er tydelege på at dette er noko ein MÅ ha.

Hausten 2022 er det inngått nye avtaler om leasing av maskinvare for alle skulane og barnehagane. Utsiftinga fører til auke i utgifter til leasing i økonomiplanperioden. Dette er ikkje innarbeidd i noverande økonomiske ramme, men likevel lagt inn i konsekvensjustert budsjett 2022.

Programområdet meiner det er behov for inntil 100 % IKT-ressurs som kan støtte einingane i arbeidet med å realisere den digitale omstillinga.

Ansvar 200 Fellestenester kommunalsjef (undervisningskontoret)

Ansvarsområdet inneheld utgifter og inntekter administrert av undervisningskontoret, inkludert enkelte fellesutgifter som til dømes kurs og opplæring for egne tilsette ved skulekontoret, samt tilsette i skule og barnehage. Kontoret løner pedagogisk konsulent, spesialpedagog og logoped. Spesialpedagog og logoped blir i hovudsak brukt i barnehagane og i skulane for å realisere vedtak etter sakkunnig vurdering, men kan også ha ansvar for oppfølging av pasientar/brukarar i helsesektoren. Ein har lokalisert logoped og spesialpedagog ved undervisningskontoret slik at dei kan utvikle eit fagmiljø- og fellesskap. Pedagogisk konsulent arbeider om lag 40 % med arbeidsoppgåver knytt til skule, SFO og barnehage (superbrukar på Visma barnehage opptak, fakturering av brukarbetaling, samt personalutvikling lokalt og regionalt i barnehagesektoren). Resten av stillinga er knytt til arbeid med kommunale heimesider og HMS-arbeid.

Kostnaden for kjøp av tenester frå Vest-Telemark PPT er rekna til 1,8 millionar. Dette skuldast det relativt høge elevtalet i 2020-21 og at kommunane i Vest Telemark har tilført tenesta meir ressursar for å korte ned ventetida på tilmeldingar til PPT. Det er forventat at kostnaden vil bli lågare om nokre år når elevtalet går ned og trykket på tenesta er normalisert. Det er framleis lang ventetid på nye saker som er tilmeldt PPT.

Rettleiingsteamet i Vest-Telemark

Det er innført nasjonale krav til rettleiing av nyutdanna lærarar. Gjennom fleire år er rettleiingsteamet i Vest-Telemark drive av eldsjeler på barnehagefeltet i samarbeid med USN, på oppdrag av Barnehageforum i Vest-Telemark.

Dette året har vi fått med skulen i Seljord og Forum for utdanning er invitert med i eit samarbeid for å danne eit rettleiingsteam som jobbar på tvers av barnehage og skule i heile Vest-Telemark. Dette er det fleire gode erfaringar med i andre kommunar. Det er prioritert vidareutdanning av tilsette i barnehagane i Seljord, slik at vi har tilgang på kompetente rettleiarar. Per i dag har Seljord kommune sju barnehagelærarar med formell rettleiingskompetanse av nyare dato, samt ei under utdanning. I tillegg har vi ein lærar i grunnskulen. Dei har alle same vidareutdanning og har kompetanse til å rettleie på tvers av yrkesgrupper. Rettleiingsordninga manglar ein felles administrativ og økonomisk forankring i Vest-Telemark kommunane, og det blir arbeidd med eit forslag til samarbeidsavtale som bør vere klar i løpet av våren 2022.

Ansvar 205 - Avdeling for integrering og vaksenopplæring.

Avdelinga har ansvar for einslege mindreårige, vaksenopplæringa og flyktningetenesta. Gjeldande vedtak for busetting er 10 nye flyktningar årleg i 2021 og til og med 2023. Frå nyttår 2022 er avdelinga igjen organisert med avdelingsleiar i 50% stilling. Stillingsheimelen som avdelingsleiar blei etablert i samband med at Seljord bestemte å ta i mot unge, einslege mindreårige flyktningar i 2016/17. Så har avdelingsleiarrolla vore «inaktiv» nokre år grunna endringar i personalgruppa ved ansvar 205. Frå mai 2020 har kommunalsjef PO2 fungert som avdelingsleiar, men dette har ført til ei for stor belastning for kommunalsjef og mangelfull oppfølging av tenestene og dei tilsette.

Avdelinga held til på Telebygget der ein leiger lokale fram til og med sommaren 2022. Det vil bli forhandla om ny leigeavtale i løpet av vinteren 2021-22. Rådmannen rår til at slik leigeavtale blir to- eller treårig.

Busetting av flyktningar har vore viktig for å oppretthalde folketalet i kommunen. Auka busetting i perioden 2016 til 2019 har kompensert og kamouflert loka nedgang i barnetal. Medio desember 2022 vil vi ha busett 9 nye flyktningar. Det er generelt stor usikkerheit til busettingsnivået framover. I og med at Kviteseid ikkje lengre er busettingskommune, vil Seljord gradvis miste inntekter for deltakarar frå Kviteseid, men utan at vi kan redusere årsverk tilsvarande. Det er med andre ord vanskeleg å vere små – og effektive – kostnadsmessig.

Ny integreringslov stiller krav til kommunar om rask kvalifisering. No vil kommunane få ekstra utgifter dersom ein ikkje lykkast med å kvalifisere deltakarane som forventa. Mange flyktningar har behov som går langt utover forventa tilskotsperiode. Høgt busettingsnivå dei siste åra har samla sett ført til eit **stort trykk** på enkelte tenester, som til dømes sentrumsskulen.

Det er lagt til grunn reduksjon av 50% stilling frå 1.1.2022 i bustad EMF, unge einslege flyktningar. Det vil da ikkje lengre vere tilsette ved denne tenesta. Det er lagt til grunn at ungdommane i hovudsak må klare seg sjølve frå 2022, men at dei kan ha tilgang til bustaden dei kjenner som heimen sin fram til 2024. Inntekter og utgifter er fjerna frå og med 2022 og ut økonomiplanperioden for teneste 2520, EMF, men ein legg til grunn at kommunen framleis kan ha utgifter til noko oppfølging og økonomisk bistand til ungdommane i 2022.

Nye krav til kommunane i integreringsloven kan føre til at busetting blir enda meir krevjande for kommunar i ein sårbar økonomisk situasjon og med små faglege miljø som skal levere på lik linje med større kommunar/regionar. Seljord kommune har politisk forankra at busetting av flyktningar er eit humanitært ansvar som vi må ta vår del av. Det er likevel viktig at ein drøftar nivået på busetting og dei praktiske og økonomiske konsekvensane det fører til for dei ulike tenestene og innbyggjarane i kommunen. Rådmannen tilrår at kommunen går i dialog med IMDi for å tilpasse busettinga av nye flyktningar til kapasiteten i dei ulike tenestene, altså vurderer om ein kan busette nokre fleire vaksne/par enn barnefamiljar i 2022.

210 og 211 - Seljord barne- og ungdomsskule.

Dei komande åra har skulen fortsatt utfordringar med auke i spesialpedagogiske tiltak, skulebygg og arbeidet med å sikre morsmålsopplæring. Skulen ser også at det er økonomiske utfordringar knytt til investering av nye lærebøker etter fagfornyinga og å sikre at alle elevar har tilgang til gode digitale lisensar og hjelpemidlar.

Det er framleis eit aukande behov for spesialundervisning i skulen. Det kjem elevar frå barnehage med vedtak om spesialundervisning, og skulen har elevar som ventar på sakkunnig vurdering frå PPT. Omfanget på desse sakkunnige vurderingane er ikkje kjent. Dette gjer det ekstra krevjande å finne rett økonomisk ramme til spesialundervisning i budsjettet for 2022, noko som igjen fører til at det blir vanskeleg for skulen å realisere reduksjon i talet på årsverk.

Begge skulane har utfordringar med bygga. Skulen er veldig nøgd med å ha fått brakker som ekstra grupperom. Sjølv om skulen har fått fleire grupperom, så står det igjen nokre utfordringar med bygga. Enda har barneskulen for få arbeidsrom til dei tilsette. Det fører til at kontoret til assisterande rektor og møterommet er gjort om til arbeidsrom. Dette gjer møteverksemd svært krevjande. Elevane på barnetrinnet har ennå svært begrensa garderobeplass som gjer at det er vanskeleg å halde orden i gangane, og at det er nok plass til skiftetøy og anna. Skulen har difor lagt inn eit forslag om ekstra rammetiltak på 90.000 kr til å få betre garderobeforhold ved barnetrinnet. For ungdomstrinnet er det lagt inn eit ekstra rammetiltak på 150.000 for å oppgradere gang- og garderobeforholda.

Seljord barne- og ungdomsskule har inneverande skuleår 22,50 % med elevar som har eit anna morsmål enn norsk. I den komande tida blir det ei viktig oppgåve for skulen å kunne sikre morsmålsopplæring for dei elevane som har rett på dette. Eit tiltak for å kunne gje morsmålsopplæring er at skulen får tilført ei større økonomisk ramme for å kunne organisere eit stabilt tilbod om morsmålsopplæring. Skulen har difor lagt inn eit ekstra tiltak på 300.000 kr per år i økonomiplanperioden 2022-2025.

Kompetansemåla i LK20 pliktar skulen å sikre at elevar tileignar seg digital kompetanse og digitale ferdigheitar. Å ha tilgang til både digitale læremidlar og trykte lærebøker gir ein pedagogisk meirverd for elevane. Det er to ulike måte å arbeide på, og elevane treng både å tileigne seg kompetanse i å arbeide digitalt og med trykte læremidlar. Dette gjer det krevjande økonomisk. Skulen har dermed eit behov for å investere i nye lærebøker etter fagfornyinga, Samstundes som skulen har behov for å kjøpe inn digitale lisensar til kvar skuleår. Skulen har difor lagt inn eit rammetiltak på 140.000 kr for å sikre innkjøp av både nye lærebøker og digitale lisensar.

Etter lovgivinga har skulen ei skjerpa plikt til å ivareta og sette inn eigna tiltak for å sikre retten til eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar. Og i nokre tilfelle vil enkelte elevar trenge litt ekstra hjelp og støtte av ein vaksen for å få det trygt og godt i skulekvardagen sin. Då må skulen sette inn ekstra ressursar som ofte går utover den økonomiske ramma til skulen. Det er difor viktig å ta med i økonomiplanlegginga at skulen kan få utfordringar med å følgje den økonomiske ramma på grunn av ad hoc-behov som må bli løyst etter kvart som utfordringar dukkar opp.

Ansvar 220 og 221 - Seljord barnehage

Seljord barnehage avdeling Tussejuv ynskjer seg eit ekstra uterom/grillhytte slik som barnehagen i Flatdal. Dette er lagt inn som forslag til investeringstiltak i 2022.

I 2021 har avdeling Tussejuv fått etterlengta kjøling på ventilasjonsanlegget.

Avdeling Heddeli har oppgradert dei to eldste badromma. Vi har også bygd garasje til oppbevaring av vogner og ekstra lagerplass, med veldig god hjelp frå teknisk avdeling.

Det er stor slitasje på uteleikeplassane og leikeapparata i Seljord barnehage avdeling Heddeli og avdeling Tussejuv, og det er på sikt behov for vedlikehald og oppgradering. Begge har stort behov for å beise bygga.

Avdeling Tussejuv har ikkje eigen uteleikeplass for småbarnsgruppene, dette ynskjer vi å gjere noko med og vil planlegge for ein omorganisering av heile leikeplassen slik at den blir meir brukarvenleg. Vi vil starte opp med planlegginga i 2022.

Barnehagen tek kvart år imot barnehagelærarstudentar frå USN, vi er ein «partnerbarnehage» med samarbeidsavtale med USN. Vi tek imot elevar frå vidaregåande skular, avdeling Dalen, Nome og Notodden. Vi tek også imot elevar frå Seljord ungdomskule. Vi har i dag, og har hatt i mange år, språkpraksiselevar frå flyktingtenesta i barnehagen.

Ansvar 212 og 222 - Flatdal oppvekstsenter

Det er eit relativt stabilt elevtal ved Flatdal oppvekstsenter skule for tida. Skulen har no eit elevtal på 75 elevar. Det ser ut til å vere stabilt framover. Talet på elevar fører til at det er naudsynt å dele skulen i seks klassar på sju trinn. Å undervise to trinn i ei gruppe er utfordrande. For at elevane skal få best mogleg tilpassa opplæring er det formålstenleg med ei sju-delning av Flatdal skule.

Arbeidet med «nye Flatdal skule» går for fullt. Kommunestyret fatta vedtak i møte 17.6.2021 om å gjennomføre marknadssjakk med aktuelle tilbydarar. Kommunestyret har ikkje tatt endeleg stilling til om det blir rehabilitering eller nybygg, men dette er forventa avklart tidleg i 2022. Det er med andre ord grunn til tru at arbeidet med «Nye Flatdal skule» vil starte opp komande år. Det er i så fall noko alle tilsette, elevar, føresette og andre gler seg til.

Det er for tida ei auke i spesialpedagogiske tiltak. Skulen kjenner ikkje det nøyaktige omfanget av dette behovet frå år til år, og det er difor vanskeleg å vite om skulen har rett ramme for neste skuleår, 2022-23. Tiltaka som er ved skulen i dag har eit stort omfang. Skulen må ha nok ressursar og tilsette med rett kompetanse til å realisere behova i det spesialpedagogiske arbeidet.

Barnehagens lokaler blei renovert våren 2020 etter vasslekkasje hausten 2019. Uteområdet blei oppgradert med grillhytte vinteren 2021. Dette gjer gode rammer for uteliv og arbeid i mindre grupper både ute og inne. Vi har og fått nytt gjerde rundt leikeplassen vår. I år har vi eit kull på 14 av 22 barn som har siste året sitt i barnehagen. Neste barnehageår er det forventa ei barnegruppe på rundt 20-21 barn, og det ser ut som det skal halde seg omtrent slik framover. Utfordringa er at vi ikkje har nok areal, eller areal som er tilrettelagt for dei yngste barna. Dei siste åra har dei yngste difor starta på småbarnsavdeling i sentrum. Nokon flyttar opp før skulestart, andre til skulestart. Overgangar er ein sårbar situasjon for små barn.

Dette året har det vore 330 % stilling knytt til spesialpedagogiske tiltak.

Barnehagen tek imot elevar frå vidaregåande skular, avdeling Dalen, Nome og Notodden.

Ansvar 223 - Åmotsdal barnehage

Åmotsdal barnehage har etter hovudopptak for 2020-21 ingen barn. Barnehagen er ikkje formelt nedlagt, men definert som «inaktiv» i offentlege register.

Ansvar 230 – Kulturskulen

Kulturskulen har medio oktober 123 elevplassar og 105 elevar fordelt på tilbod om enkelttimar, gruppeundervisning og vaksne. 10 elevar står på venteliste til tilbod i kulturskulen. Skulen leverer også timar til barneskulen (4 klasse i Seljord, 3. klasse i Flatdal) og ungdomsskulen (8. klasse) innanfor grunnskulen si musikkundervisning. I tillegg sel skulen timar/lærarressursar til andre kommunar og til lag og organisasjonar i Seljord.

Ein reknar med at aktiviteten i kulturskulen også vil avspegle ein nedgang i elevtalet over tid. Kulturskulen har svært stabile lærarkrefter, og har ei grei avtale med Granvin om leige og bruk av lokale. Lokala er diverre ikkje tilstrekkeleg lydisolerte til musikkaktivitetar. Lærarane har ikkje eigne kontorplassar utanom undervisningsromma, så førebuing skjer på heimekontor.

Det har aldri vore særleg rom på budsjettet for investeringar og større vedlikehald av utstyr. Dette må difor takast stilling til når behov oppstår.

9 Programområde 3 – helse og omsorg



Innleiing

Koronapandemien har prega også 2021, med krav om massevaksinering, TISK og beredskap. Som følgje av pandemien har det vore naudsynt for tenestene å ha fullt fokus på smitteverntiltak og beredskap framfor “ordinær” tenesteutvikling, sentrale føringar og forventningar i store deler av året. Frå slutten av september gjekk Noreg tilbake til normal kvardag med auka beredskap. Seljord kommune skal fortsatt følgje den lokale situasjonen og gjere lokal risikovurdering basert på indikatorar om smittestatus og kapasitet.

Nokre av dei tiltaka som vart gjennomført som “koronatiltak” i 2020 vil bli vidareført i 2022. Isolat, i samarbeid med Kviteseid kommune, blei flytt 15/9 2021 frå Heddeli til Kviteseid omsorgssenter kor det er mogeleg å gje pleie og omsorg til 2-6 pasientar. Seljord kommune står som ansvarleg for tiltaket og stiller med medisinskfagleg lege og driftsansvarleg sjukepleiar. Det er etablert vaksinesenter i Brøløsvegen 6 (gamle Rema 1000-bygget). Leigeavtale av bygg gjeld førebels ut 2021.

Det blei etablert eit større lager for personleg smittevernutstyr (PSVU) ved Heddeli i samband med koronapandemien. Etter overgang til normal kvardag med auka beredskap, er det ei forventning frå Helsedirektoratet at kommunane til ein kvar tid har smittevernutstyr tilsvarande minst seks månader på lager til normalforbruk.

I budsjett for 2022 har det ikkje vore rom for å legge inn alle tiltak i tråd med dei varsla behova frå tenestene. Tenestene har varsla behov for fleire årsverk, både ved psykisk helse og rus, sjukeheimen, bu- og servicesentera, legetenesta, fysioterapitenesta og tilrettelagde tenester. I tillegg ligg det tiltak knytt til fornying av utstyr og journalsystem.

Ansvar 300 – Kommunalsjef – helse og omsorg

Faste årsverk 2021	Faste årsverk 2022
0,1	0,1

Under ansvar 300 ligg tiltak og fellestenester som gjeld for heile helse- og omsorg. Det kan blant anna vere planlagde opplæringstiltak og kompetansemiddel. Frå 2021 blei kostnader knytt til oppfølging av alkohollova og skjenkeløyve lagt under dette ansvaret. Det omfattar ei 10 % stilling til oppfølging av skjenkeløyve, gjennomføring av kurs og liknande. Det vil vere naudsynt å leige inn ein fagperson på timebasis for å kunne ivareta kommunen sine lovpålagte oppgåver.

Ansvar 303 – Psykolog

Faste årsverk 2021	Faste årsverk 2022
2	2

Seljord kommune er vertskommune i eit interkommunalt samarbeid (Seljord, Kviteseid, Tokke, Nissedal og Fyresdal) for 2 årsverk kommunepsykologar. Frå 1/1 2022 er det innvilga uløna permisjon

i fire månader for den eine kommunepsykologen. Den andre stillinga er lyst ut, og rekrutteringsprosess pågår.

Det er planlagt å gjere innkjøp av eit felles journalsystem for alle samarbeidskommunane til psykologtenesta i 2022.

Ansvar 305 – Samhandlingskoordinator

Faste årsverk 2021	Faste årsverk 2022
1	1

Samhandlingskoordinatoren er felles for heile Vest-Telemark og vert finansiert som eit spleiselag mellom STHF og kommunane i Vest-Telemark. Frå 2018 har Seljord kommune hatt arbeidsgjeveransvaret.

Ansvar 310 – Legetenester

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
9,96	9,96

Legetenester omfattar drift av legeteneste og støttefunksjonar. Kommunen har totalt 4,8 legeårsverk, men på grunn av permisjonar var det faktiske talet 4,6 stillingar i 2021. I tillegg har kommunen 2 årsverk for LIS 1 legar (tidlegare turnuslege). Dei andre faste årsverka er einingsleiar i 0,40 årsverk, sjukepleiarar i 2,18 årsverk og helsesekretærer i 0,8 årsverk. I tillegg kjem årsverk i engasjement som er knytt til prosjektet Primærhelseteam (PHT) på 1,3 årsverk.

Listeinbyggartalet har auka monaleg det siste året og er no oppe i 3950. I tillegg har me nokon på venteliste. Dette betyr at det no ikkje er ledige plassar på listene til fastlegane i Seljord. Presset på både legar og hjelpepersonell har derfor auka betydeleg, og pasientar som byter fastlege frå andre kommunar har ofte stort behov for tenester. Av den grunn er det lagt inn behov for fleire ressursar (to legeheimlar og eit årsverk sjukepleie) ved legekantoret i 2022.

Prosjektet primærhelseteam starta opp i april 2018 og kjem til å vare ut mars 2023. Kommunen deltek på driftstilskotmodellen, det vil seie at kommunen får eit årleg prosjekttilskot samt driftstilskot kvar månad. Driftstilskotmodellen basera seg på talet på innbyggjarar på legane sine lister, eigenskapar ved innbyggjarane, eit kvalitetsbasert tilskot, og eigenandelar frå pasientar. Prosjektet gav ei meirinntekt til kommunen på ca. 1.5 mill. kr for 2021. Ved at fleire av legane i løpet av 2022 vert spesialistar, vil denne inntekta auke. Inntekta aukar også då Seljord har fått betydeleg fleire pasientar på legekantoret det siste året, noko ein òg reknar med vil skje i 2022 dersom det vert auke i heimlar. Prosjekttilskotet er øyremerkt drift av prosjektet. Frå 2021 blei 0,2 årsverk av kommuneoverlegen og einingsleiar si stilling dekt av middel frå prosjekttilskotet.

Koronasituasjonen har ført til ei auke i arbeidsbelastninga for alt personell ved helsesenteret. Det har i periodar vore naudsynt å dele personalet i team for å ivareta smittevern og beredskap. I tillegg har kommuneoverlegen behov for tid til å ivareta smittevernet i kommunen. Det har også vore naudsynt med ekstra fokus på reinhald og hygiene. Det vart difor innført fleire tiltak som var kostnadsdrivande i 2020, og som blei vidareført i 2021. Konkret var det å styrke med eit legeårsverk fram til sommaren 2021, samt ei 100 % stilling som sjukepleiar. Det var naudsynt å auke sekretærfunksjonen med 20 % i ein periode. Alle desse ekstra stillingane blei vidareført ut 2021. Men grunna stor mangel på legar, også i vikarbyråa, klarte ikkje legekantoret å bemanne opp med lege etter medio august 2021.

Legetenesta starta i 2021 opp arbeidet med å sjå på eit samarbeid/samanslåinga av legetenestene i Kviteseid og i Seljord. Det blei fatta vedtak om dette i budsjettprosessen i begge kommunane i 2020. Arbeidet var godt i gang, men vart stoppa ved ei endring av vedtak i Kviteseid kommunestyre på våren 2021. Grunna mangel på legar i Kviteseid med full autorisasjon ein periode, vart kontora slege saman dei siste 4 ferievekene sommaren 2021. Det kjem til å bli jobba med å få dette til også for sommaren 2022. Det kan vere både faglege og økonomiske fordeler med eit tettare samarbeid med nabokommunar om denne tenesta. Det er i så fall noko som må undersøkast nærare i kommande år.

Kviteseid kommune har avtale med Seljord kommune om kjøp av kommuneoverlegeteneste fram til 31.12.2021. Seljord har vore tydeleg på at det ikkje er interessant å forlengje denne avtala utan det lagt fram ei sak om eit fast samarbeid om denne funksjonen. Arbeid med dette pågår.

Ansvar 311 – Fysioterapiteneste

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
2,25	2,25

Kommunefysioterapeutane arbeider på fleire felt, både når det gjeld barn, unge og eldre som treng trening, rehabilitering, råd og rettleiing. Kommunefysioterapeuten er viktig når det gjeld tildeling av hjelpemiddel, og har viktige formidlings- og rettleiingsoppgåver.

Det vart tilsett ergoterapeut i 20 % stilling vinter 2021. Kommunen har, som tidlegare, 2 faste årsverk og ei driftsavtale med privatpraktiserande fysioterapeut.

Det er behov for auka ressursar innan rehabilitering og velferdsteknologi i kommunen, og der er fysioterapi- og ergoterapikompetansen viktig. Det er derfor lagt inn framlegg til å igjen innføre turnusstilling i kommunen. Avdelinga har i mange år hatt turnusstilling for fysioterapeut, men grunna stor arbeidsbelastning vart stillinga for eit par år sidan endra til ei fast stilling. Då det er auke i talet på eldre, auke i tidleg utskrivingar frå sjukehus, meir fokus på rehabilitering og førebygging er det difor eit ynskje om å kunne innføre ordninga med turnusfysioterapeut igjen frå hausten 2022.

Kommunen mottar fastlønstilskot for dei kommunale fysioterapeutane på drygt 400.000 kr. per år. Privatpraktiserande fysioterapeut mottar årleg driftstilskot frå kommunen. Driftstilskotets storleik vert fastsett sentralt med mindre årlege justeringar.

Frisklivstilbodet er godt i gang og vert vidareført med prosjektmidlar også i 2021. Grunna pandemien er det fleire prosjekt, mellom anna gruppetrening, som har måtta utgått. Det er difor søkt om å få overføre dei ubrukne midlane i 2021 til 2022. Dette er positivt motteke og det vert difor vidareført ei 20 % stilling dei fyrste 9 månadene av 2022. Det er usikkert kor lenge ein får prosjektmidlar til friskliv. Dette har vist seg å vore eit så vellykka prosjekt at det bør vidareførast i kommunal regi etter prosjektperioden.

Ansvar 312 – Helsestasjon

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
2,05	2,05

Kommunen har 2 årsverk som helsesjukepleiar, samt ei engasjementstilling i 70 % som vert finansiert ved tilskotsmiddel frå Fylkesmannen. Det har kome lovnad om vidareføring av prosjektet ut 2023, men storleiken på overføringane vert bestemt i statsbudsjettet og det er difor usikkert kor stor stillingsbrøk som vert vidareført.

I 2018 vart jordmortenesta lagt til Vinje kommune i eit interkommunalt samarbeid. Seljord får jordmortenester frå den interkommunale tenesta, og tenesta dekker både kommunale oppgåver og jordmorberedskaper. For budsjett 2022 er det lagt inn ein kostnad for dette på 750.000 kr.

Ansvar 313 - Drift helsesenter

Budsjettet omfattar reinhald og andre driftskostnader knytt til helsesenteret (straum, eigedomsavgifter), og er i hovudsak ei vidareføring av budsjettet frå tidlegare år. Frå 2021 vart reinhaldsressursen lagt til ei felles reinhaldsavdeling under programområdet 1.

Ansvar 315 – Legevakt

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
2,24	2,24

Seljord og Kviteseid har felles legevakt frå kl. 15:30 og til kl. 23:00 på kvardagar, og frå 08:00 til kl. 23:00 i helger. Nattevakt blei frå 2020 lagt til Notodden interkommunale legevakt. Prisen vert regulert årleg til å vere 10,5 % av Notodden sitt netto driftsbudsjett for legevakt. Seljord sin kostnad knytt til legevakt på natt vil vere drygt 1 mill. kroner i 2022.

Under ansvar 311 er det tilsett sjukepleiarar i 2,24 årsverk, inkludert leiing på 0,3 årsverk. I tillegg ligg det inne løn til legane som tek legevakt på timebasis. Kostnaden for legevakt vert fordelt mellom Seljord og Kviteseid kommune.

Det vart for nokre år sidan sett på om ein kunne fått til eit samarbeid om legevakt for 4 av kommunane i Vest Telemark. Både økonomi og vanskar med å få legar til distriktet kan vera med på å underbygge eit behov for eit større interkommunalt samarbeid.

Ansvar 321 – Barnevernstenesta

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
3,6	3,6

Barnevernstenesta er organisert gjennom eit samarbeid mellom alle kommunane i Vest Telemark, med Kviteseid som vertskommune.

I 2022 kjem barnevernsreforma som fører til at mange av dei statlege tenestene vert overført til det kommunale barnevernet. Det kan gje ei stor auke i kostnaden for drift av barnevern, noko som skal finansierast over rammtilskotet til kommunane. Reforma fører til at kommunane må fullfinansiere alle plasseringar i fosterheim, samt at eigenandelen på plassering i institusjon aukar kraftig. Eigenandelen for plassering i institusjon er i dag på 74.000 kr. per måned, men vil kunne auke til 200.000 kr. per måned frå 2022.

For å kunne møte dei nye oppgåvene og krava i barnevernsreforma er *Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark* med i ei regionalt prosjekt saman med barnevernet i Aust- og Midt-Telemark. Prosjekta er finansiert ved hjelp av tilskotsmiddel.

Seljord kommune	Budsjett 2022
Sum samarbeid	3.393.919

Sum tiltak i familien	1.623.000
Sum tiltak utanfor familien	1.088.000
Sum	6.104.919

Ansvar 330 – Tenestekontoret

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
1,8	1,8

Tenestekontoret er mellom anna tillagt ansvaret for sakshandsaming av alle søknader om tenester innanfor pleie- og omsorgstenesta. Tenestekontoret har i tillegg ansvar for systemarbeid knytt til individuell plan, dagleg koordinering av tenester og flyt av pasientar mellom sjukehus og dei ulike delar av tiltakskjeda innanfor kommunen sine omsorgstenester.

Frå 2021 blei Tenestekontoret flytt ut frå sjukeheimen og er å finne ved kommunehuset. I samband med flyttinga vart den merkantile ressursen verande igjen ved sjukeheimen, og er flytt til ansvar 333 Institusjon.

Tenestekontoret har ansvar for tildeling og oppfølging av oppdragstakerar som støttekontakt og avlastar. Omsorgsstønad er lagt under tenestekontoret. Omsorgsstønad var tidlegare budsjettera under heimetenesta 331.

Det er stort press på korttidsplassar ved sjukeheimen i periodar. I samband med pandemien har leige av plass i andre kommunar vore uaktuelt. Det er svært viktig at arbeidet med å skaffe fleire korttidsplassar held fram.

Ansvar 331 – Heimetenester

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
17,37	18,9

Heimetenestene, og særleg heimesjukepleia er under stadig press fordi behovet for tenester aukar. Stadig sjukare pasientar vert overført til kommunen frå sjukehuset, og dei fleste skal vere i eigen heim, i tillegg til at det over lengre tid har vore mangel på plassar med heildøgns pleie- og omsorg. Det kan vere aktuelt med besøk frå heimesjukepleia både 6-8 gonger i døgnet, noko som krev ein del ressursar. Ressursane i heimetenestene har blitt auka med 1,4 % stilling i 2021, og det har ført til vesentleg mindre stress på dagtid. Dette var heilt nødvendig, då fleire tilsette kjente på eit helsefarleg arbeidsbelastning.

Presset på tenesta har vore høgt over fleire år og det vil framleis vere naudsynt å auke ressursane i økonomiplanperioden. Presset vert særleg høgt når det ikkje er nok sjukeheimplassar, og det ikkje er mogeleg å leige plassar i andre kommunar.

Heimesjukepleia er organisert i ulike team, der eit av teama har særleg fokus på kvardagsrehabilitering. Kvardagsrehabilitering er eit viktig tiltak for å gjere brukarar meir sjølvhjelpne og trygge i eigen heim. Dette er viktig for å kunne dempe det store presset som er på kommunens sjukeheimplassar. Me har og eit team som har hovudfokus på brukarar med kognitiv svikt. Me ynskjer å få ein stillingsressurs til hukommelsesteam i 2022, dette kan styrke arbeidet innan demens.

Heimesjukepleia gjekk i 2021 over til tredelt turnus. Det har over tid vore vanskeleg å rekruttere tilsette med rett kompetanse til nattstillingane, og den siste tida har det vore svært sårbart ved fråvær. Denne arbeidstidsordninga har i fyrste omgang ein prøveperiode på eit halvt år, før det skal evaluerast. Det blei og vedtatt eit tillegg på 50 000 i 100 % stilling for sjukepleiarar som arbeider natt i 2021.

I tillegg til ordinær drift må tenesta jobbe med digitalisering i åra som kjem. Kommunen har fått på plass mobil omsorg og digitalt tilsyn, og vil i 2022 har særleg fokus på velferdsteknologi som digitale medisindispensarar og varslingsteknologi. I tillegg er det fokus på å få på plass Digihelse som dreier seg om å styrke samarbeidet mellom tenestemottakar, pårørande og tilsette i heimetenesta.

Velferdsteknologi er i mange år peika på som løysinga for å møte dei auka behovet for omsorgstenester i åra som kjem. Det er ingen tvil om at teknologien kan betre kvaliteten og redusere besøk, men den gjev og auka kostnadar for dei ulike lisensane kommunen må ha. Digitale tryggleiksalarmar vert billigare for kommunen å leige, og dermed vert det redusert brukarbetaling for innbyggjarane i 2022. Ein annan sak er at når velferdsteknologi vert rekna som helsehjelp, og skal erstatte eit besøk, så er det ikkje mogleg for kommunen å legge på brukarbetaling.

I 2022 skal kjellaren på Heddeli vera ombygd til hjelpemiddellager, og me slepp leigetugifter til lokale.

Ansvar 332 – Psykisk helse og rus

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
5,7	5,7

Tenesta for psykisk helse og rus gjev ulike tilbod, med oppfølging av både vaksne, ungdommar og born. Frå 2020 er det gjort ein reduksjon i årsverk på 1,25, kor det i 2020 blei redusert med 0,25 og i 2021 redusert med 1 årsverk.

I løpet av 2020 vart det eit politisk vedtak om å etablere ein SLT (Samordning av kriminalførebyggande tiltak) koordinator i 0,3 årsverk og frå 2021 vart oppgåva med å vere SLT koordinator lagt til tenesta. Det vil seie at 0,3 årsverk i psykisk helse og rus gjeng til ei stilling som vil vere ein ressurs for både helsetenesta og oppvekst.

Tenesta har varsla at det er behov for å auke ressursane igjen, særleg sidan SLT stillinga vert lagt til tenesta utan at det vert gjort ei auke i årsverk, noko som i realiteten gjev ein ytterlegare nedgang i ressursar til fagområdet psykisk helse og rus. Det er lagt inn behov for å auke ei miljøarbeidarstilling frå 75 % til 100 % og ei miljøterapeutstilling frå 80 % til 100 %. Det er stadig auka press på avdelinga og heile stillingar vil gje betre kontinuitet i tenesta til brukarane.

Det er lagt inn behov på å bytte journalsystem frå Profil til Infodoc i 2022. Avdelinga manglar rett journalsystem for å kunne kommunisere elektronisk med ulike instansar og institusjonar innanfor spesialisthelsetenesta, barneverntenesta og fastleger i andre kommunar. Dette gjev store utfordringar i dagleg drift.

Ansvar 333 – Sjukeheimen

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
33,89	33,89

I 2019 reduserte Nesbukti med 1,2 årsverk. I perioden oktober 2019 – oktober 2020 hadde Nesbukti eit rehabiliteringsprosjekt om etablering av korttidsavdeling. Tre senger vart øyremerka rehabilitering og korttids plassar (tidsbegrensa plassar) utan at det blei tilført ytterlegare ressursar.

Ved korttidsavdelingsplassar er fokus tidleg innsats slik at pasienten kan meistre egen situasjon og fungere i egen bustad. Når sjukehus melder pasientar utskrivingsklare, vil fleire av desse ha behov for rehabilitering/habilitering på institusjon før dei kan heim til egen bustad. Det viser seg at talet på plassar på korttidsavdelinga er for få og det er vanskeleg å få til eit godt tilbod om rehabilitering. På landsbasis ligg %- andel tidsbegrensa plassar på omlag 18 % av det totale tal på plassar, Seljord har no ei dekningsgrad på 10 %.

Målet er i fyrste omgang å auke til fem plassar i 2022 utan bygningsendringar. Det vil seie at to langtidsplassar vert omgjort til korttids plassar. Noverande behov er større på korttids plassar enn på langtidsplassar. Behovet vil variere og kommunen må i åra framover auke talet på plassar for korttid og langtid. Det vil krevje ei auke i ressursar for å kunne handtere 5 korttids plassar. Korttidsavdelinga har i dag ei bemanning med 1 på kveld og helg, dette er for lite for å kunne utføre dei oppgåvene som krevs i ei korttidsavdeling. Det er i budsjett for 2022 varsla behov for å auke med 1,1 (60 % sjukepleie og 50 % HFA) årsverk for å styrke bemanning på kveld og helg på korttidsavdeling.

Tenesta har varsla behov for auke i ressursar både til hukommelsesteam. I dag må arbeid med hukommelsesteam utførast innimellom alle andre arbeidsoppgåver og blir derfor ei nedprioritert oppgåve då det ikkje er ressursar nok til å avsjå tid til arbeid med dette. Det er varsla behov for å tilføre 20 % til hukommelsesteam i kommunen, kor dei vert fordela med 10 % på institusjon og 10 % til open omsorg.

Institusjon har assisterande einingsleiar i 40 % stilling. Det er varsla behov for auke denne til 60 % i 2022.

Det er behov for å skifte ut noko inventar og madrassar ved sjukeheimen. Nokre madrassar er bytta ut i 2021, noko vil bli bytta i 2022 og noko i 2023. Ein tek høgde for at ein skal klare det innanfor einingas budsjett for inventar og utstyr. Det er over lang tid varsla behov for ei større utskifting av møblar ved sjukeheimen. Dette er ein større kostnad som det ikkje er lagt inn midlar til i budsjett for 2022.

I 2021 blei det innført stille sjukesignalanlegg, elektronisk tilgangskontroll på avdeling for demente og porttelefon ved sjukeheimen. Samla sum vart tiltaka estimert til kr. 435 311,-. Kommunen søkte Husbanken om å få dekt 55 % av kostnadane til velferdsteknologi til Nesbukti og fekk kr. 239 000,- i investeringstilskot. Resterande sum vart finansiert av kommunens drift og investeringsbudsjett.

Framskrivningstal frå SSB over eldrepopulasjonen i Seljord syner at det vil bli ei markant auke i talet på eldre over 80 år frå 2025. Denne utviklinga vil truleg skape behov for ytterlegare opptrapping av talet på sjukeheimsplassar. Utfordringsnotatet frå Telemarksforsking viser at det vil vere behov for 62 nye plassar for heildøgns omsorg i 2040. Det er mogleg at Seljord kommune skal velje ein annan strategi for å møte dei kommande utfordringane, men det er liten tvil om at kommunen vil trenge nokre fleire heildøgnsbemanna plassar. Dette er noko kommunen merkar allereie i dag.

Det er ikkje tatt høgde for leige av plassar i andre kommunar i budsjett for 2022. Grunna koronapandemien har det ikkje vore mogleg å leige plass i andre kommunar i så stor grad som før. Korleis dette vil bli i framtida er uvisst. Ein må ta høgde for auka ramme for overliggardøgn på sjukehus då kommunen har for få heildøgnsbemanna plassar.

Ansvar 334 – Nestunet bukollektiv og dagsenter

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
7,79	7,79

Nestunet bukollektiv og dagsenter består av to delar, eit bukollektiv og eit dagsenter. Det vil seie at dei som bur i bukollektivet i utgangspunktet har alt sitt tilbod i bukollektivet. Det er ni plassar til heildøgns pleie og omsorg i bukollektivet. Dagsenteret er i hovudsak for heimebuande personar, primært for heimebuande personar med demens/kognitiv svikt. Tilbodet kan blant anna vere ein del av eit avlastningstilbod for pårørande. Tilbodet ved dagsenteret har vore redusert under koronapandemien, men er no tilbake i ordinær drift. Frå 2020 er det lovpålagt å ha eit dagtilbod til heimebuande personar med demens. Tilbodet ved dagsenteret skal vere eit godt tilbod for den enkelte, samtidig som det skal fungere som avlastning i kvardagen for dei som har omsorg for familie med demens/kognitiv svikt. Det er lagt eit tiltak på auke i utgifter til transportmiddel då det er naudsynt med ein leasingbil til for å hente og bringe brukarar til dagsenteret.

Det eininga har valt å fremme i 2022 er å avvikle ordninga med kvilande nattevakt i kommunen. Grunngeving for dette er at det allereie i dag er bebuarar på bukollektivet som er avhengige av tilsyn på natt. Dette behovet vil truleg auke i tida framover når det stadig blir fleire eldre i kommunen. Dette fører til at me må styrke bukollektivet som har ei låg bemanning. Viss det blir vaken nattevakt, vil dei i tillegg til nødvendige tilsyn ha tid til å gjera nødvendige oppgåver som vil frigjera tid for dei som er på dagtid. Dei vil då få meir tid til bebuarane.

Det er i dag svært vanskeleg å rekruttere til nattstillingar i eininga. Det vil heilt klart bli mangel på helsearbeidarar i åra framover, noko me alt kjenner på i forhold til tilgang på vikarar. Då vil passive nattevakter vera umoglege å rekruttere til. Å arbeide over 9 timar og få betalt for halvparten er lite attraktivt. Dei mistar og sjansen til å få andre ekstravakter, fordi dei utløyser overtid når den passive tida reknas inn i arbeidstida. Det er viktig at dei tilsette har ei løn dei kan leve av. Det at nattevaktene på Nestunet og i heimesjukepleia får eit fellesskap vil kanskje kunne lette rekrutteringa. Det vil og føre til ein fleksibilitet i forhold til kompetanse på natt i heimesjukepleia og på Nestunet. Sidan Seljord kommune satsar på heiltidskultur, må dette rammetiltaket vera heilt i tråd med målsettinga.

Frå 2021 er brukarbetalinga auke i tråd med plan frå 2018. Det vil seie at brukarbetaling full sats vil vere på 12 149 kr. per måned frå 2021. I dei kommande åra vil satsen bli regulert etter pris- og lønsauke.

Ansvar 335 - Steinmoen bu- og servicesenter

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
4,99	5,13

Ved Steinmoen bu- og servicesenter er det ni rom, og ti plassar. Den eine bustaden er for eit par, men det er ikkje mogleg å budsjettere for meir enn ni plassar då det oftast bur berre éin i bustaden. Fram til april 2021 har det kunn vore ein på vakt på dagtid i helgene, då fekk me auka bemanninga til to på dagtid på Steinmoen, slik at det no har same bemanning som på Nestunet bukollektiv. I 2021 fekk me og bygd eit overbygg, slik at dei to bustadane som før måtte gå ut for å bruke fellesareal slepp dette. Nå manglar det bare nokre forbetringar som gjer at desse to bustadane kan bli låst på ein forsvarleg måte.

Det eininga har valt å fremme i 2022 er å avvikle ordninga med kvilande nattevakt i kommunen. Grunngevinga for dette er at det allereie i dag er bebuarar på Steinmoen som er avhengige av tilsyn

på natt. Dette behovet vil truleg auke i tida framover når det stadig blir fleire eldre i kommunen. Viss det blir vaken nattevakt, vil dei i tillegg til nødvendige tilsyn ha tid til å gjera nødvendige oppgåver som vil frigjera tid for dei som er på dagtid. Dei vil då få meir tid til bebuarane.

Det er i dag svært vanskeleg å rekruttere til nattstillingar i eininga. Det vil heilt klart bli mangel på helsearbeidarar i åra framover, noko me alt kjenner på i forhold til tilgang på vikarar. Då vil passive nattevakter vera umoglege å rekruttere til. Å arbeide over 9 timar og få betalt for halvparten er lite attraktivt. Dei mistar og sjansen til å få andre ekstravakter, fordi dei utløyser overtid når den passive tida reknas inn i arbeidstida. Det er viktig at dei tilsette har ei løn dei kan leve av. Sidan Seljord kommune satsar på heiltidskultur, må dette rammetiltaket vera heilt i tråd med målsettinga.

Frå 2021 er brukarbetalinga auke i tråd med plan frå 2018. Det vil seie at brukarbetaling full sats vil vere på 10 649 kr. per måend frå 2021. I dei kommande åra vil satsen bli regulert etter pris- og lønsauke.

Ansvar 336 – Omsorgsbustader

Husleiga er justert etter konsumprisindeksen. Omsorgsbustadene omfattar både Moentunet, Heddelitunet og bustader for eldre. Det er lagt opp til ein dekningsprosent på 80 % for 2021. Frå og med sommaren 2020 er alle bustadane ved Moentunet til utleige. Det vil seie at den bustaden som er nytta som kontor i noko tid, er tilbakeført til ordinær utleigebustad.

Ansvar 337 – Tilrettelagde tenester

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
13,31	13,62

Eininga leverar tenester til fjorten brukarar, kor ni bur i omsorgsbustader med heildøgns pleie og omsorg. Fire bur i bustader utanfor Tunet og to har avlastningstenester.

Eininga disponerer elleve bustader. Seks av bustadane er "inne" i nærleiken av personalbasen og fellesarealet. Ein av desse vert nytta til avlastning. Ein bustad må pussast opp før den kan nyttast til ny utleige. Kommunen får ikkje leigeinntekter på desse. Ein bustad har vore delvis leigd ut dei siste åra - og vil trulig bli delvis leigd ut i 2022.

Velferdsteknologi er eit sjølvsgt bidrag for å sikre god oppfølging av brukarane. Det er lagt inn ein liten budsjettpost for nyinvestering/vedlikehald av dette i 2022.

Ein del av møblane i fellesareala er ikkje tilpassa den bruken dei har og tilfredsstillar ikkje hygienekrav. Det er difor lagt inn behov i 2022 for å bytte ut sofagrupper, stoler og matstovemøblar til noko som kan vaskast/gjerast reint.

Eininga leverer tenester til brukarar i heile kommunen og låner bil av open omsorg til delar av sine oppdrag. Sjølv om dette er ei raus ordning kan det tidvis være svært vanskelig å få det til å fungere grunna samstundes konflikt. Eininga har difor behov for å disponere/lease eigen bil, og er lagt inn som rammetiltak i 2022.

Eininga har i dag kvilande nattevakt. Det er spelt inn behov for 2022 å gjere denne om til vaken nattevakt. Dette har vore drøfta i fleire omgangar - ut i frå fleire omsyn, som brukaranes tryggleik og pleietyngde. Det er svært vanskeleg å rekruttere til kvilande nattevakt, då det er mange timar på jobb med liten lønsmessig utteljing. Omgjering frå kvilande til vaken nattevakt vil krevje ei auke på 96 %

stilling, men det vil utløse auke i tilskot for resurskrevjande brukarar. Det vil sei 407 000 kr. auke i lønsutgift med assistent topplønn. I tillegg ei auke i T-trinn på 130 000 kr. Refusjon frå staten (berekna frå 2020) er lagt på 394 200 kr. Innsparing for at ein ikkje brukar utrykning er ikkje lagt inn i budsjettet. For 2020 var denne utgifta på omkring 84 000. Dette vil variere år imellom.

Tall frå tenestekontoret for framtidig tenesteleveranse, viser auke både i brukarar som treng bustad og leveranse av tenester i heimen og avlastningstenester. Førebels ser det ut til at ein kan svare opp desse behova med den bustadmassen tenesta allereie disponerer i dag. Ei auking i brukarar vil krevje ei auking av ressursar.

Eininga driftar aktivitetssenteret som leiger lokale i bygningane til DPS Seljord. Grunna forseinking i rehabilitering av Heddeli vil det vere naudsynt å leige lokale ved DPS også i 2022.

10 % av stillinga til einingsleiar er øyremerkkt koordinatorrolla for Folkehelse, noko som vil vere uendra i 2022.

Ansvar 338 – Produksjonskjøkken

Fast årsverk 2021	Fast årsverk 2022
1,6	1,6

Produksjonskjøkken produserer varm mat til sjukeheimen, bu- og servicesentra i kommunen (ikkje Heddelitunet) og heimebuande.

Kostnadene og årsverka ved produksjonskjøkkenet vert regulert av avtale med Dyrsku'n. Dei tilsette har sitt daglege virke på produksjonskjøkkenet som ligg på Dyrskuplassen. Tenesta er organisert under einingsleiar for institusjon. Det er ikkje lagt inn store budsjettmessige endringar for budsjett 2022.

10 Programområde 4 – samfunnsutvikling og drift



Innleiing

Året 2021 har vore eit aktivt år for programområde 4. Sjølv om aktiviteten har vore høg, har vi ikkje fått starta på alle investeringsprosjekta som låg i planen for 2021.

Investeringsprosjekta er store og krev god planlegging. Det er viktig å ta med seg desse erfaringane vidare dei neste åra.

Vegen mellom Århus og Gvammen, gamle E 134, fekk namnet *Sogevegen om Nutheim*. Arbeidstitteln for prosjektet var

Opplevingsvegen. Gjennom fleire år med planlegging kan dei no syne til mange gode tiltak som står ferdige i 2021; med svært god hjelp av lokale lag, organisasjonar og eldsjeler. Vegene som skal vere ein opplevingsveg for besøkande, fastbuande og syklistar, har i 2021 opna fleire sykkelvegstrekingar både i Svartdal, Hjartdal og Flatdal. Langs opplevingsvegen kom det i haust på plass seks flotte skulpturar av skulptør Ånond Versto.

Det er stort trykk på planarbeidet i Seljord kommune. Vi håpar mellom anna å kunne vedta ny arealdel til kommuneplanen i løpet av 2021. I tillegg kjem det fleire planar til godkjenning i 2022.

Arbeidet med å utvikle næringsområdet i Nordbygdi med tilrettelegging av infrastruktur (avkøyring, bru, vegar, vatn og avløp) er godt i gang. Her har kommunen ei sentral rolle. Ny tilkomstveg frå vest langs Bygdaråi mot Dyrskun er også ein del av dette arbeidet. Fram til no har vi hatt mykje trafikk gjennom sentrum under store arrangement. Den nye tilkomstvegen vil spare trafikken gjennom sentrum. Vegene som skal vere kommunale, vil vere stengd for trafikk utanom dei store arrangementa.

Innan landbruk har det vore gjort eit stort arbeid for å kartlegge dyrka areal ute av drift med tanke på å utnytte dei ressursane vi har for å produsere mat. Dette prosjektet er i regi av Statsforvalteren i Vestfold og Telemark.

Seljord kommune har omlag 30.000 m² bygningsmasse med varierende alder. Det er ei stor oppgåve å forvalte, vedlikehalde, drifte og utvikle den samla kommunale eigeidomsporteføljen. Som så mange år tidlegare, har vi stor grunn til å minne om det formidable etterslepet på vedlikehald både på kommunale bygg, kommunal eigeidom, kommunalt leidningsnett og på infrastrukturen med vegar og bruer. Bygningane våre blir eldre for kvart år og skrik etter vedlikehald.

Skulebygga er alle bygd i perioden frå 1960 til 2000. Der hovudtyngda av bygningane vart oppført i 60- og 70-åra med påbygg i mindre og større grad fram til år 2000. I ein rapport utarbeidd i 2018 er det stipulert ein kostnad på vel 5,1 mill kr. i tiltak over ein 10-års periode for utbetringar av diverse feil og manglar. Ein må sjølvstøtt ta høgde for andre vedlikehaldsutgifter i tillegg til dei kronene det vil koste å utbetre tiltaka.

Etterslepet på nødvendig vedlikehald på kommunale vegar vert berre større og større. Og med varmare, villare og våtare klima vil vi oppleve hyppigare og kraftigare nedbør. Dette vil gje større utfordringar for vegar, stikkrenner, grøfter og bruer.

Hovudplan for vatn og avløp for dei neste 10 åra vart vedteken av kommunestyret i desember 2020. Denne planen legg opp til store investeringar innan vatn og avløp også i dei neste åra. Planen synleggjer investeringsbehov og nødvendig driftsnivå fram mot 2030. I tidsrommet 2020-2030 er det estimert investeringar for bortimot 72 mill kr. Dette er ut frå dagens perspektiv, og summane kan endre seg når planane og tiltaka vert sett i verk. Seljord kommune er nok ikkje i noko særstilling angående økonomiske utfordringar på eksisterande VA-anlegg. Finansiering av utbetringar, rehabilitering, drift og utbygging må stort sett bli finansiert via avgiftsauke. Målsetjinga med VA-hovudplanen er å gje eit bilde av no-situasjonen og utfordringar framover både for kommunen som samfunn og som organisasjon i tillegg til å avgjere kva for planar/prosjekt det skal arbeidast med framover. Det er særleg tilhøva i Flatdal og Seljord sentrum som krev store investeringar for å ta vare på kommunen sine plikter mot tilsynsmynde og abonnentar. Finansieringa av desse tiltaka må i hovudtrekk finansierast gjennom avgiftsauke dei neste åra. Forbruket i samband med arrangement på Dyrskuplassen er sterkt stigande, og ein ser her den største påverknadsfaktoren for utbygging i Seljord sentrum, både på vatn og avløp.

For å handtere vidare utbygging på ein forsvarleg måte er det nødvendig med gjennomgang og kapasitetsvurdering av heile vass- og avløpsnett i Seljord og Flatdal reinsedistrikt/forsyningsområde. Det vart gjennomført ei vurdering av Seljord reinseanlegg i 2020, og resultatet viser eit behov for utbygging av Seljord RA. Flatdal RA treng óg ei stor renovering, og det er mest fornuftig er nok å byggje nytt. Ein bør også avkloakkere resten av busetnaden i Flatdal, særleg områda i bygd i og opp mot Nutheim.

Den største utfordringa for vassforsyninga i Seljord er lekkasjar. Ein har starta opp eit arbeid med lekkasjesøk og kartlegging av leidningsnett. Sommaren 2021 vart det gjort eit stort arbeid med å tette vasslekkasjar i sentrum. Etter kamerakøyring i Trongkleiv-området i 2019, vart det avdekkja mange punkt med behov for utbetring. Ein god del av arbeidet med utbetring er gjort i 2021, men det skjer stadig ikkje-planlagde reperasjonar. Saman utgjer dette store utgifter på avløp siste år.

Sjølvkostfond er bundne driftsfond. Desse kan berre brukast til dekking av framtidige utgifter på tilhøyrande sjølvkostområde. Sjølvkostfond må nyttast innan ein 3-5 års periode. Når det gjeld renovasjon og slam er ein lovpålagt å ha sjølvkost (100 % dekningsgrad). På dei andre områda kan ein ha lågare dekningsgrad. Det er ikkje lov (over tid, dvs. 3-5 år) å ha høgare dekningsgrad enn 100 % (sjølvkost). På VARF-området (vatn, avløp/slam, renovasjon og feiing/tilsyn) har Seljord kommune over lengre tid praktisert eigenbetaling til sjølvkost (100 % sjølvkost).

Ansvar 410 – Plan og utvikling

Budsjettet omfattar 100 % stilling som kommuneplanleggar, tilsett hausten 2021. I tillegg er det lagt inn budsjett for ny stilling som eigedomskonsulent på dette ansvaret. Om denne stillinga tilhøyrer ansvar 500, kan ein vurdere etter kvart. 40 % av den eine stillinga på samfunnsutvikling og drift er knytt til dette ansvaret. Totalt 2,4 stillingar. Vi budsjetterer med meirinntekter på plan med bakgrunn i fleire planar som no skal til godkjenning.

Ansvar 411 – Landbruk og miljø

Løn og driftsmidlar til landbruksrådgjevar i 80 % stilling og ei 33,33 % stilling som erstattar nokre av oppgåvene til natur- og miljørådgjevaren som gjekk over til kommunalsjef juni 2021, er budsjettert her. Totalt 1,13 stilling.

Kommunestyret har disponert ein budsjettpost på kr. 200 000 i tilskot til landbruksføre mål frå Næringsfond. Kr. 55 000 er vidareført til det store vassforvaltningsplanarbeidet for Midtre Telemark

vassområde som Seljord kommune deltek i saman med dei andre kommunane som høyrer til Skiensvassdraget. 150 000 kr. til bygdevertordninga er lagt til dette ansvaret.

Ansvar 440 – Kultur og næring

Budsjettet omfattar løn og driftsmidlar til kultur- og nærings sjef i 100 % stilling der 50 % blir dekt av midlar frå næringsfond I. Budsjettet omfattar også løn til badevakter i symjehallen.

På biblioteket er det lagt inn auke på biblioteks sjef frå 77 % til 100 %; inkl. ressurs til kommunikasjon. I tillegg er det også lønsutgifter til 76,5 (77) % stilling for dei andre tilsette på biblioteket. På ansvar 440 utgjer det totalt 2,77 stillingar samt ressursar til badevakter.

Budsjettet for frie kulturmidlar til utdeling til lag og foreiningar blei sterkt redusert under budsjettforhandlingane i desember 2019, slik at det vart løyvd lite til drift og administrasjon av lag/foreiningar eller til løypekjøring i 2020. Gjennom 2020 og 2021 har lag og foreiningar heller ikkje hatt dugnadsinntekter frå Dyrsku'n. Det er for 2022 og for økonomiplanperioden lagt inn ynskje om kr. 150 000 i kulturmidlar per år i tillegg til midlar til *andre kulturtiltak* for å kunne gje støtte til aktuelle kulturtiltak gjennom året.

Kommunen gjev faste tilskot til Granvin kulturhus, Seljord kunstforeining, Seljord frivilligsentral og Videoarkivet. For å sikre offentleg tilgang til friluftsområde sommar og vinter, er det inngått åtte langsiktige avtaler. Det er ynskje om å inngå fleire slike avtaler viss det finst rom for det i nye tiltak.

Symjehallen fungerer greitt og er svært mykje bruka. Hausten 2021 er det utført reperasjonar av flisar og lys. Ventilasjonsanlegget er svært dårleg. Det er i så fall ei større investering som trengst til å oppgradere dette. Vi har ikkje lagt denne investeringa i budsjettet for 2022.

Ansvarsområdet 440 omfattar også fleire budsjettpostar som er fordelt på tenestene innanfor ungdomsarbeid, idrett, friluftsliv, frivillig arbeid og nærings- og utviklingsarbeid. Vidare er det større og mindre tilskotspostar knytt til kulturarrangement og tilskot til drift av Vest-Telemark museum.

Tilskotet til frivilligsentralen held fram som året før med ei kommunal overføring på kr. 150 000,-, korrigert for ca. kr. 411 000 som utgjer statens bidrag til friviljugsentralen. Det var meininga at staten sitt bidrag skulle overførast direkte utan å gå via kommunen, men dette er ikkje endra for 2022.

Næringsfond I disponering i budsjett 2022

Konto	Ans	Teneste	Kontonamn	Bruk i ramma	2021	2022
19501	110	8800	Næringsfond I	Gjeld/avdrag	Kr 212.000	Kr 212.000
19501	410	3010	Næringsfond I	Summen gjeng til planhandsaming / samfunnsutvikling.	Kr 300.000	Kr 200.000
19501	411	3255	Næringsfond I	Tilskot til andre i landbruk/næring	Kr 200.000	Kr 200.000

19501	440	3250	Næringsfond I	Lønn nærings sjef (50% stilling) inkl. sosiale utgifter	Kr 427.500	Kr 440.000
19501	440	3252	Næringsfond I	Bruken er lista opp i neste tabell	Kr 1.054.500	Kr 1.142.000
Totalt for Næringsfond i budsjett Til disposisjon for programområde 4					Kr 2.194.000 Kr 1.982.000	Kr 2.194.000 Kr 1.982.000
Bruk av Næringsfond I					2021	2022
Møtestad Seljord					Kr 473.000	Kr 485.000
Tilskot til næringsføremål (nye i 2022)					Kr 344.500	Kr 400.000
Kommunens eigendel til Visit Telemark					Kr 145.000	Kr 145.000
Medlemskontingent Telemarksvegen					Kr 35.000	Kr 30.000
Tilskot Vandre Telemark					Kr 0	Kr 25.000
Marknadsføring/ infotavler					Kr 57.000	Kr 57.000
Totalt					Kr 1.054.500	Kr 1.142.000

Ansvar 500 – Avdelingskontor teknisk

Lønsmidlar til ingeniør kommunalteknikk, eigedomsforvaltning og delar av avdelingsleiar drift som utgjør totalt 1,45 stilling, blir ført på dette ansvaret. Som eit ledd i stillingsauken innan programområde 4, så vil eigedomskonsulenten handtere den kommunale bustadforvaltninga i samarbeid med avdelingsleiar for drift. For å kunne koordinere tenestene betre også opp i mot kommunen sine andre tenester, så er det bra å få på plass ein bustadkoordinator/eigedomskonsulent. Vi har og har hatt store utgifter med skadeverk på utleigebustader.

Ansvar 510 – Vedlikehaldsavdeling

Budsjettet omfattar løns- og driftsmidlar til vaktmeistrar og fagarbeidarar i tillegg til delar av avdelingsleiarstilling drift. Vidare utgjør budsjettet kostnader til drift og vedlikehald av bilar, maskinar og utstyr, kostnader til vedlikehald av kommunale bygningar og utstyr. Kostnader til utstyr aukar etter som utstyret blir eldre, og fleire av dei nyare kommunale bygningane har mykje teknisk utstyr som må vera i orden for at bygget skal fungere (varmepumper, ventilasjonsanlegg, elektriske dører mm.). Det er eit stadig aukande etterslep på vedlikehald på fleire av dei kommunale bygga. Skulane er som nemnt dei som har størst trong for eit auka vedlikehald, og Seljord barne- og ungdomsskule og Flatdal oppvekstsenter/skule har flest utfordringar. Kjøkken på Nesbukti bør skiftast ut, kostnaden for dette er lagt inn i eit generelt tiltak som omfattar vedlikehald. Ein så pass stor post på vedlikehaldsbudsjettet, vil gå ut over anna vedlikehald. Før ein byter kjøkken bør det vurderast om ein skal sjå på matlaging/servering av mat i samband med helse- og omsorgsplanen.

Ansvar 520 – Plan-, byggje- og delesaker, kart og oppmåling

Budsjettet omfattar løns- og driftsmidlar til plan- og byggesakshandsaming og oppmåling/kartverk og tinglysingsgebyr, totalt 1,57 stillingar. Inntekter er gebyr etter Plan- og bygningslova (gebyr for byggesak, private reguleringsplanar og oppmålingsgebyr).

I budsjettarbeidet i fjor vart det skrive at ein må vurdere om det skal utarbeidast ein ny sjølvkostmodell for dette gebyrområdet. Det arbeidet er ikkje sett i gang. Gebyra på byggesak og oppmåling meiner vi ligg noko høgt, så vi ynskjer å redusere nokre av desse gebyra. Ein har difor valt å vere moderat når ein har budsjettert med inntekter, og gebyrsatsane er ikkje høgda tilsvarande det sjølvkostnotatet frå Envidan Momentum legg opp til.

Det same gjeld for private planforslag. I budsjettet ligg det inne at ein kan vente 200.000 kr i inntekter på planar. Dette er høgt samanlikna med tidlegare år, men det skjer ei utvikling no som tyder på at ein kan rekne med denne inntekta.

Ansvar 530 – Kommunale vegar

Budsjettet omfattar utgifter til drift og vedlikehald av kommunale vegar og vegljøs, der nær halvparten blir brukt på vintervedlikehald (snøbrøyting og strøing). Det vart inngått nye brøytekontraktar for ny fleirårig periode frå 2021. Det skal testast ut med å bruke GPS på to rodar. Vi går litt ned på standarden og brøyter ved 8 cm. tørr snø og 4 cm. våt snø. Det vil også bli nytta meir snøfres. Strøing skjer i kryss og bakkar, elles etter avtale.

Ca. ¼ av budsjettet er sett av til vedlikehald av vegar/bruer. Vedlikehald av vegar og bruer blir gjennomført i samråd med samfunnsutvalet, men det må understrekast at det ikkje er tilstrekkeleg med midlar sett av for å møte det nødvendige vedlikehaldet som bør gjennomførast i løpet av økonomiplanperioden. Etterslepet blir berre større for kvart år. Etter eit grovt estimert prisoverslag vil kostnaden for reasfaltering på kommunal veg og G/S veg utgjere meir enn 30 mill. kr. Vedlikehald av grusvegar, bruer og stikkrenner/grøfterensk kjem i tillegg.

Vi har totalt 53 261 meter kommunale vegar og G/S-vegar/fortau. Det blir vedlikehald av fleire meter ny kommunal veg/GS-veg i Nordbygdi og til Dyrskuplassen. Seljord kommune har ikkje vurdert privatisering av kommunale vegstrekningar.

Ansvar 530 inneheld også vedlikehald av grøntområde/-grøntanlegg. Siste åra har kommunen kjøpt noko teneste av IDEA. Vedlikehald av skulpturar er etter kvart ein stor kostnad som vi ikkje har budsjettert spesielt med. I 2021 har vi hatt eit vellukka arbeid og ein stor kostnad med å reingjere Landstadmonumentet på Tremerrhaugen ved kyrkja. Dette monumentet av Anne Grimdalen var sett opp i 1951, og det har ikkje vore reingjort på 70 år.

Ansvar 540 – Brann- og feiarvesen

Budsjettet omfattar utgifter til feietenesta i kommunen (via Vest-Telemark Brannvesen) og løns- og driftsutgifter til brannvesenet. Utgifter til feiing blir dekt av feie- og tilsynsgebyr. Dei største postane til brannvesenet er løn, ei større avgift til 110-sentralen og avgift til Vest-Telemark brannvesen for førebyggjande avdeling og feiing.

Seljord brannvesen som er eit deltidbrannvesen, har 16 brannkonstablar. Fire av desse har befalsvakt éi veke kvar gjennom heile året. I 2021 har dei siste tre konstablane gjennomført grunnkurs slik at vi no har 16 ferdig utdanna konstablar. Det står att å utdanne tre konstablar på såkalla 160-kurs (blålys). Brannvesenet har ein auke i helseoppdrag som stort sett er løfteoppdrag og nokon akutte oppdrag.

Ansvar 550 – Vatn

Budsjettet omfattar løns- og driftsutgifter til drift og vedlikehald av fire kommunale vassverk (produksjon og distribusjon) og ytre anlegg. Vi har styrka Seljord vassverk og distribusjonsnettet med eigen ressurs, og vi driv lekkasjesøk sjølve. Med dette får vi betre oversikt over problema og lekkasjane. Serviceavtalen med Pentair vil gå over til å vere dagtid-support. Dette vil gje litt lågare kostnad, truleg frå 2022. Dei andre postane utanom løn og vedlikehald, går m.a. til kontroll og analysing av drikkevandet i tillegg til straumutgifter.

Vi vurderer å fase ut Eventyrøy som hadde grunnvassbrønnane for Seljord inntil det nye vassverket vart sett i verk i 2016. Pga. utskifting av vassrøra under Vallarbroi august 2021, måtte vi sikre oss at Eventyrøy kunne levere vatn på nettet dersom utskiftinga av røra ikkje gjekk etter planen.

Grunna fleire større investeringar innanfor området ser ein at avgiftene på vatn aukar litt i perioden.

Ansvar 551 – Avløp

Budsjettet omfattar løns- og driftsutgifter til drift og vedlikehald av tre kommunale reinseanlegg (innsamling og reinsing), ytre anlegg og innsamling av slam frå private avløpsanlegg. I tillegg kjem Århusmoen RA så snart det er klart til å ta over.

Største postane er utgifter til løn, kjemikalier, straum, innsamling og handsaming av slam og driftsovervaking. Grunna fleire større investeringar innanfor området og planlagde reoveringar framover i tillegg til vedlikehald og løpande utgifter med lekkasjar, ser ein at avgiftene aukar i perioden. Straum er også høgda med store summer for 2022.

Ansvar 552 – Renovasjon

Budsjettet omfattar utgifter til innsamling og behandling av avfall. Dette blir gjort av Renovest IKS. Posten er sjølvfinansierende. Administrasjon utgjør 10 % stilling.

Ansvar 560 – Utleigebustadar

Dei største utgiftspostane er leige av bustadhus (til vidare utleige) og kommunale avgifter. Per i dag har vi fire langtidskontraktar. I tillegg har vi fire framleigekontraktar; av desse er tre nye i 2021. Kommunen eig 17 hus med 28 bu-einingar (omsorgsbustadar kjem i tillegg, desse vert ført på PO 3). Det er budsjettet med ein "turnover" på kommunale bustader basert på ei 80 % utleigerate. Husleiga blir justert etter konsumprisindeks årleg i mars månad.

Sjølvkost

Frå 2021 til 2022 gir rådmannen sitt gebyrforslag ei samla gebyrauke på omlag 11,4 % for VARFS (vatn, avløp, renovasjon, feiing og slamtømming).

Avløp aukar mest med 32,7 %. Vatn aukar med 2,5 %. Renovasjon aukar med 5 %. Slamtømming går ned med 10 %, og feiing aukar med 3,6 %. I perioden 2020 til 2025 aukar samla gebyr med kr 6.149, frå 22.126 i 2020 til kr 28,276 i 2025. Dette svarar til ein gjennomsnittleg årleg gebyrauke på 4,2 %. Gebyreksempla for vatn og avløp er basert på eit årleg vassforbruk på 150 kubikkmeter. Gebyrsatsane er inkl. mva.


Tabellen under syner endring i årsgebyr frå 2022 og utover i økonomiplanperioden, basert på driftsutgifter og framtidige investeringar innanfor sjølvkostområdet. Seljord kommune vil i framtida

ha høge avgifter og ligg heilt i toppen når vi samanliknar oss med dei andre kommunane i fylket. Grunnen er dei store investeringane vi alt har gjort med å byggje nytt vassbehandlingsanlegg (Seljord vassverk) til 50 mill og investert bortimot 30 mill kr på reinseanleggsida. I tillegg har vi etterslep på utskifting av gamle vass- og avløpsrør i bakken. Vi har i 2021 gjort store investeringar på vasslekkasjar i sentrum av Seljord og hatt store vedlikehaldskostnader til vasslekkasjar og tette avløpsrør. Framover vil vi også få store investeringar på reinseanlegga våre m.a. i Flatdal og i Seljord. Dette vil påverke avgiftene ut til forbrukarane.

Pr. 31.12.2020 er abonnentane skuldig Seljord kommune kr 2.606.087 i kommunale eigeomsavgifter (VARFS-området). Dette er kr 624.404 mindre enn pr. 31.12.2019.

Det er i utrekning av sjølvkost henta inn noko av framførbart underskot slik at gebyrsatsane aukar monaleg for 2021. Noko av årsaka ligg og på større investeringar som ligg i åra framover innafor vatn og avløp, i tillegg til høge årlege drifts- og vedlikehaldskostnader.

Gebyrendring frå året før	2022	2023	2024	2025
Vatn	2,5 %	3,0 %	0,8 %	0,4 %
Avløp	32,7 %	-3,6 %	1,0 %	-0,4 %
Renovasjon	5,0 %	5,0 %	5,0 %	6,9 %
Slamtømming	-10,0 %	-10,9 %	-0,7 %	0,7 %
Feiing	3,6 %	0,6 %	-8,9 %	-2,0 %
Samla endring	11,4 %	-1,3 %	1,0 %	0,8 %



Årsgebyra er synt i vedlegg til gul bok saman med budsjettnotat utarbeidd i samarbeid med EnviDan AS/Momentum

11 Vedlegg

- Handlingsprogram til samfunnsdelen av økonomiplanen
- Tiltakslister frå alle programområda
- Oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester i skule og oppvekst for 2022
- Årsgebyra - Momentum budsjettnotat